

# Grensejustering Bjørke og Viddal

## Vedlegg

1. Søknad
2. Sjekkliste
3. Faktagrunnlag
4. Supplering av faktagrunnlag; a) frå Ørsta kommune, b) Frå Advokatfirmaet Lund&Co
5. Supplering av faktagrunnlag frå Hordnindal og Volda kommune
6. Supplering av faktagrunnlag frå Hjørundfjord Adventures AS
7. Resultat frå innbyggjarhøyring
8. Høyringsuttale frå Ørsta kommune
9. Høyringsuttale frå fellesnemnda i nye Volda kommune
10. Høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesutvalet
11. Høyringsuttale frå KArtverket

vedlegg 1

Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Bjørke 22.09.2017

**Søknad om utgreiing av grensejustering mellom Ørsta kommune og Nye Volda kommune.**

Vi ber om at dagens kommunegrense mellom Ørsta og «Nye Volda» vert flytta slik at 6190 Bjørke vert en del av « Nye Volda kommune». Viser til vedlagt kart der forslag til nye grenser for «Nye Volda kommune» vil gå dersom Bjørke- og Viddal krins vert med . Bjørke- og Viddal krins er skravert i lysegrøn bakgrunn.

**Bakgrunn for val av grense :**

Som vist på vedlagt kart er det grønskraverte feltet Bjørke- og Viddal krins i dag. Krinsgrensene vert då vår del av grensa i nord for « Nye Volda» kommune. Grensa fylgjer fjellkjeda aust og vest for indre delar av Hjørundfjorden.

**Bakgrunn for endring av grensa:**

- Dagens kommunikasjon har endra seg radikalt med nye E 39, Kvivsvegen. Den har gjort at Bjørke samfunnet langt på veg no nyttar Hornindal som sin tenestestad.
- Hornindal i «Nye Volda» er vårt næraste sentrum, omlag 20 minutt's bilkøyring frå Bjørke. Med dagens kommuneinndeling må vi køyre gjennom store delar av Volda kommune for å nå vårt kommunesenter Ørsta , omlag 45 minutt's bilkøyring ein veg.
- Frå 2018 har alle foreldra på Bjørke søkt borna sine til Hornindal for skule og barnehage.
- Vi nyttar nesten alle tjenester i nabokommunene Hornindal og Volda, barnehage, barne og ungdomsskule, legetjenester, handel, idrettsanlegg osv.
- Vi ynskjer å ha påvirkningskraft i vårt nærområde og røysterett i den kommuna vi naturleg høyrer til.

**Innbyggartal:**


115 personar (fylkesmannen sine tal 2017)

Vi ber fylkesmannen i Møre og Romsdal setje i gong prosessen og føretak ei utgreiing om konsekvensane ved ei grensejustering slik at innbyggjarane på Bjørke kan få nøytrale fakta.

Torstein Saure Høel	Egil Finnes	Maria Nilsen Rørstad
Randi Myklebust	Jon Egil Finnes	<del>Jacobi Myklebust</del>
Magnus H. Knudsen	Kanulle Finnes	Christine Saure
Øyvind Mørk	Årnes	
Bjarne Sellanke	Frem og Viddal	
Leivie Rørstad	Lina Saure	
Bård R. Sellanke	(7 år) Bertha Saure	
Randi Lina Finnes	Ingrid Kalland	

22.9.2017

NyeVoldaKommune\_MecBjørkeOgViddal.jpg



**Volda kommune**  
 etter ei evt. grensejustering med Ørsta kommune

- Nåværende fylkesgrense
- Framtidig fylkesgrense
- Grensejustering Bjørke og Viddal
- Ørsta kommune
- VoldaKommune
- Kommunegrenser

	Folketal	Landareal (km <sup>2</sup> )
Volda kommune	9122	547
Hornindal kommune	1200	192
Bjørke grunnkrets	88	106
Viddalen	27	36,7
<b>Totalt</b>	<b>10437</b>	<b>881,7</b>

Vågeøy

----- Ny grense til "Nye Volda"

**Sjekkliste for innhenting av faktagrunnlag ved grensejustering -Kryssa av det som er innhenta**Areal og geografi:

- Storleik på areal som er søkt grensejustert
- Geografisk plassering i kommunen
- Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

Innbyggartal og demografi:

- Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført
- Befolkning fordelt på alder

Kommunikasjonstilhøve og pendling:

- Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelveggar og vegstruktur
- Avstand til barne- og ungdomsskular, idrettsanlegg, kyrker, sjukeheim osv.
- Reiseavstand til kommunesenter før og etter grensejustering
- Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området

Kommunale tenestetilbod:

- Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i noverande kommune
- Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i det aktuelle området
- Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i ny kommune
- Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved grensejustering

Utbyggingsmønster:

- Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

Anna:

- Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter
- Utlíkna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)
- Foreiningar i det aktuelle området
- Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område


vidlegg 3



**FYLKESMANNEN  
I MØRE OG ROMSDAL**

2017

# Grensejustering i Ørsta kommune



fmmrvive@fylkesmannen.no

Møre og Romsdal Fylkeskommune

22.11.2017

# Innhald

1	Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal .....	3
1.1	Grunnkripsane Bjørke og Viddalen.....	3
1.2	Grunnkrips Liabygda.....	3
1.3	Grunnkripsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal .....	3
1.4	Grunnkripsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy .....	3
1.5	Grunnkripsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik.....	3
2	Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune.....	4
2.1	Plan- og analyse.....	4
2.2	Utdanning.....	4
2.3	Tannhelse .....	4
2.4	Samferdsel.....	4
2.4.1	Veg.....	4
2.4.2	Kollektivtrafikk.....	4
2.4.3	Skoleskyss .....	4
2.4.4	Drosje.....	4
2.4.5	Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga).....	4
2.5	Regional- og næringsavdelinga .....	5
2.5.1	Kommunale næringsfond og hoppid.no.....	5
2.5.2	Distriktsområde .....	5
2.5.3	Vassforvaltning .....	5
2.5.4	Akvakultur .....	5
2.6	Kultur .....	5
2.6.1	Kulturvernseksjonen.....	5
2.6.2	Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet.....	5
2.6.3	Kulturformidlingsseksjonen.....	5
2.6.4	Fylkesbiblioteket.....	5
3	Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling Bjørke og Viddalen.....	6
3.1	Innbyggartal og demografi .....	6
3.1.1	Folketal, samla og etter aldersgrupper .....	6
3.1.2	Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017.....	6
3.1.3	Flytting samla i 2015 og 2016.....	7
4	Kart .....	8

# Forord

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) blitt bedt om å utgreie søknad om ei grensejustering i Ørsta kommune. Dette gjeld grendene Bjørke og Viddal som ynskjer flytting til nye Volda kommune. KMD ber Fylkesmannen om å gjere greie for konsekvensar av ei slik grensejustering. Fylkesmannen kan i tillegg utgreie større eller mindre grensejusteringar i det omtalte området. Utgreiingane skal gi opplysningar om relevante forhold som folketal, areal, geografi, kommunikasjonsforhold, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet.

Kommunane og andre offentlege etatar skal så raskt som mogleg skaffe til veie det relevante informasjonsgrunnlaget til utgreiinga når fylkesmannen ber om det, jf. inndelingsloven § 9.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) om informasjon i forbindelse med utgreiinga av grensejusteringa. I høve faktagrunnlaget på noverande tidspunkt er det i all hovudsak MRFK som har gitt oss informasjonen.

I dette faktagrunnlaget er det samla inn oppdatert informasjon i høve til:

- Innbyggartal og demografi
  - Folketal totalt og i grunnkrins(ane) som blir overført
  - Befolkning fordelt på alder
- Sysselsetting og arbeidspendling
  - Arbeidsplassar i det aktuelle området
  - Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området
- Tenestetilbod
  - Endringar i tilgang til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune
  - Fylkeskommunale tilbod – bruk i dag og ved grensejustering
- Anna
  - Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader
  - Utbyggingsmønster

MRFK har i tillegg utarbeid kart som syner grensejusteringa. Kartverket har i denne omgangen ikkje delteke i kartillustrasjonane.

MRFK peikar på at særleg dei kvalitative innspela må sjåast på som overordna innspel. Enkeltståande problemstillingar om korleis til dømes endring i kommunal grunnskolestruktur vil påverke kostnader kring skoleskysstilbodet fylkeskommunen tilbyr og korleis fylkeskommunens eigarskap i kvart enkelt selskap med geografisk nedslagsfelt i dei relevante kommunane påverkast - er ikkje drøfta.

I kap. 1 beskrivast alle grensejusteringane som skal utgreiast i Møre og Romsdal, følgd av ein gjennomgang av moglege konsekvensar for tenestetilbodet frå fylkeskommunen si side i kap. 2. Dette kapittelet er bygd opp etter det tenestetilbodet fylkeskommunen tilbyr frå dei einskilde avdelingane sine. I kap. 3 finst informasjon som dekker innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling, og til sist i kap. 4. er det lagt inn kart som syner grenseendringa.

# 1 Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal

Det er 5 moglege grensejusteringar Møre og Romsdal fylkeskommune er førespurd om å gje innspel til.

## 1.1 Grunnkrinsane Bjørke og Viddalen

Grunnkrinsane 15200404 Bjørke og 15200405 Viddalen vurderast flytta frå 1520 Ørsta til 1519 Volda.

## 1.2 Grunnkrins Liabygda

Grunnkrins 15250101 Liabygda vurderast flytta frå 1525 Stranda til 1526 Stordal.

## 1.3 Grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal

Grunnkrinsane 15240108 Dalsbygda, 15240109 Eide, 15240110 Rønneberg og 15240111 Ytterdal vurderast flytta frå 1524 Norddal til 1525 Stranda.

## 1.4 Grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy

Grunnkrinsane 15460107 Orten, 15460108 Sandøy og 15460109 Ona/Husøy vurderast flytta frå 1546 Sandøy til 1547 Aukra.

## 1.5 Grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik

Grunnkrinsane 15570202 Øye/Heggem, 15570204 Fagerli, 15570205 Flemma og 15570206 Angvik vurderast flytta frå 1557 Gjemnes til 1502 Molde.



## 2 Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune

### 2.1 Plan- og analyse

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

### 2.2 Utdanning

Interne grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betydning for skoletilbodet eller skolestrukturen. Fritt skoleval og at det gjelder få elever er grunnen til det.

### 2.3 Tannhelse

Grensejusteringa relatert til Bjørke og Viddalen vil ikkje føre til noen konsekvensar då pasientane allereie brukar Distriktstannklinikk (DTK) Volda.

### 2.4 Samferdsel

#### 2.4.1 Veg

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

#### 2.4.2 Kollektivtrafikk

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for innbyggjarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

#### 2.4.3 Skoleskyss

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens.

Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskyss.

Elevar i grunnkrinsane Bjørke og Viddalen har skolestad i Volda i dag. Når ein ser bort frå moglegheita for i framtida å velje skole i Hornindal har den grensejusteringa ikkje nokon konsekvens.

#### 2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

#### 2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)

Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

## 2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå RN.

### 2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

### 2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

### 2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

### 2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.

## 2.6 Kultur

### 2.6.1 Kulturvernseksjonen

Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagelta kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

### 2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet

Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokon praktiske endringar når nye kart teiknast.

Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggst til grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

### 2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen

Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss. Det må opprettast dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleir arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

### 2.6.4 Fylkesbiblioteket

Truleg ingen konsekvensar.

### 3 Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling Bjørke og Viddalen


#### 3.1 Innbyggartal og demografi

##### 3.1.1 Folketal, samla og etter aldersgrupper

Kjelde: SSB

	År	Samla	Etter aldersgruppe				20-44 år	45-66 år	67-79 år	80 år +	Anonymisert*
			Barnehage 0-5 år	Barneskole 6-12 år	Ungd.skole 13-15 år	Vgs. 16-19 år					
Bjørke	2011	102	3	1	6	9	21	34	21	7	1
	2017	88	3	5	0	2	30	30	9	9	2
Viddalen	2011	34	0	1,75	1,75	1,75	5	12	10	1,75	7
	2017	27	0	0	1,5	1,5	3	11	6	4	3
Samla	2011	136	3	2,75	7,75	10,75	26	46	31	8,75	8
	2017	115	3	5	1,5	3,5	33	41	15	13	5

\* Aldersgrupper med 1 eller 2 personar er i datagrunnlaget anonymisert. For at folketalet skal være riktig for hver grunnkrets, er antallet anonymiserte personar likt delt på dei anonymiserte gruppene. Dette gjer at det kan vere grupper med desimaltall.



##### 3.1.2 Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tal elevar i vidaregåande skole i skoleåret 2016/2017 med postadresse 6190 Bjørke.


Vidaregåande skole i kommune	Elevar
Ørsta og Volda	3
Annet sted i fylket	1
Samla	4

### 3.1.3 Flytting samla i 2015 og 2016

Kjelde: SSB

➔ Fråflytting

➔ Tilflytting



Flytting fra gruppen:	Personar
Volda og Ørsta	Anonymisert (10)
Samla	10

Flytting til gruppen fra:	Personar
Ørsta	7
Ålesund, Volda, Sula og Averøy	Anonymisert (7)
Samla	14

### 3.2 Sysselsetting og arbeidspending

Dei aktuelle grensejusteringane dreiar seg i stor grad om relativt få personar. Skal ein sjå på til dømes pendling etter kommune blir talgrunnlaget veldig lite for kvar gruppe. Det gjer at forklaringskrafta til datagrunnlaget blir svakt når ein ser på grunnkrets nivå. Vi har derfor ikkje tal på grunnkrets nivå for sysselsetting og arbeidspending.

## 4 Kart

Fig. 1 Ørsta og nye Volda kommune utan grensejustering frå 1. jan. 2020





Fig.2 Nye Volda kommune frå 1. jan. 2020 etter grensejustering med Bjørke og Viddal



Karta blir lagt ved i større format



ØRSTA KOMMUNE

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2017/2063	16046/2017	001	BARDSETH	18.12.2017

## GRENSEJUSTERING ØRSTA KOMMUNE. SUPPLERING AV FAKTAGRUNNLAG

Ørsta kommune er av Fylkesmannen bedt om å supplere faktagrunnlag i sak om grensejustering for krinsane Bjørke og Viddalen, jf. brev datert 21.11.2017.

Innleiingsvis kjem Ørsta kommune sine kommentarer til Fylkesmannens faktagrunnlag datert 22.11.2017. Deretter følgjer kommunen sine egne tilføyinger til faktagrunnlaget som gjeld kommunale tenester, næringsutvikling, økonomiske verdiar og investeringar, planar etter plan- og bygningsloven, og andre moment.

Ørsta kommune sine kommentarar til Fylkesmannens faktagrunnlag datert 22.11.2017

### Kommentarar til kapittel 2

- Pkt. 2.2. Bør spesifisere at utdanning gjeld vidaregåande utdanning
- Pkt. 2.4. Bør spesifisere at veg gjeld fylkeskommunal veg
- Pkt. 2.4.2. Eventuell grensejustering vil etter vårt syn ikkje få konsekvensar for kollektivtrafikk i området
- Pkt. 2.4.3, siste avsnitt. Formuleringa er uklar. Vi vil presisere at elevar frå Bjørke og Viddalen krins har i dag og ut skuleåret 2017/18 skulestad i Austefjord/Volda kommune, men frå 1. august 2018 er skulestad Grodås/Hornindal kommune. Dette i tråd med ny avtale mellom Ørsta kommune og Hornindal kommune. Sjå også punkt om Kommunale tenester under.

### Kommentarar til kapittel 3

- Pkt. 3.1. Det er ikkje samsvar mellom tabell og grafisk framstilling for tal som gjeld innbyggjarar
- Pkt. 3.1.3. Vi kan ikkje sjå at tal om flytting inn og ut av området tilfører saka vesentlege informasjon. Er dette eit punkt ein kan vurdere å ta ut?

#### Kommentarar til kapittel 4

- Namnet Ørsta kommune må stå i kartet, på lik linje med Nye Volda kommune. I figurtekst må ein ta atterhald om at kartet viser situasjonen ved eventuell grensejustering
- Er det tilstrekkeleg med eit kart som viser Nye Volda kommune i ein farge, Ørsta kommune i ein farge, og krinsane Bjørke og Viddalen i ein farge?
- Eventuell grensejustering vil få konsekvensar som gjeld geodata og matrikkel. Sjå også punkt under om Kommunale tenester.

Ørsta kommune sine tilføyingar til Fylkesmannens faktagrunnlag datert 22.11.2017

#### KOMMUNALE TENESTER

##### Barnehage og skule

Born frå krinsane Bjørke og Viddalen går i dag i barnehage i Volda og Hornindal kommunar, og på skule i Volda kommune. Per desember 2017 gjeld dette: To born i barnehage, fire born i grunnskulen, to born i ungdomsskulen. Til saman åtte born.

Ørsta kommune sine utgifter knytt til teneste barnehage i 2016 var kroner 341 982, tilsvarende for tenesta skule kroner 470 780. Tala for 2017 er ikkje klare enno.

Etter ønske frå foreldra i området har Ørsta kommune forhandla fram ein avtale med Hornindal kommune om at borna skal gå i barnehage og skule i Hornindal. Avtalen vil gjelde frå neste skuleår, 1. august 2018.

##### Helsetenester

Svangerskapskontroll. Vert i dag gitt tilbod om i Ørsta kommune.

Helsestasjon for born. Innbyggerane frå krinsane Bjørke og Viddalen får i dag tilbod om dette i Ørsta kommune.

Skulehelseteneste. Born som går på Austefjord skule får i dag tilbod om dette frå Volda kommune.

Fastlege. Innbyggerane frå krinsane Bjørke og Viddalen får tilbod i Ørsta kommune. Etter Fastlegeordninga står innbyggerar i Noreg i dag fritt til å velje fastlege, også i ein annan kommune enn den dei tilhøyrer.

Legevakt. På kveld og helg er det Ørsta kommune som har ansvar. På natt er det interkommunalt tilbod med Volda som vertskommune.

##### Heimetenester

Innbyggerar i krinsane Bjørke og Viddalen med behov for heimesjukepleie eller heimehjelp får slike tenester frå Ørsta kommune, organisert med utgangspunkt i Hjørundfjordheimen på Sæbø. Med omsyn til natteneste har ikkje Ørsta kommune per i dag full dekning i desse områda; Dalane, Hjørundfjorden, Sæbø, Vartdalstranda, Urke, Øye, Skjåstaddalen og Bjørke. Her tilbyr ein korttidsopphald ved institusjon, eventuelt omsorgsbustad eller kommunal bustad.

Ørsta kommune kjøper ikkje heimetenester frå andre kommunar.

## Omsorgsbustadar og sjukeheim

Ørsta kommune tilbyr omsorgsbustadar og sjukeheimsplassar til sine innbyggjarar etter søknad. Ein kan ikkje søke seg til ein bestemt institusjon, som t.d. Hjørundfjordheimen, men ein kan sette opp ønskje. Ørsta kommune forsøker så langt som råd å oppfylle ønskje, men må tildele plass der det til ei kvar tid er ledig.

Ørsta kommune kjøper ikkje institusjonsplass i andre kommunar.

Per november 2017 har åtte innbyggjarar frå krinsane Bjørke og Viddalen plass i omsorgsbustad eller sjukeheim.

## Skyssbåt

Skyssbåten er eit fleksibelt skysstilbod for innbyggjarane på Sæbø, Standal, Trandal, Urke, Bjørke, Skår, for fastbuande elles i Ørsta og regionen, og for tilreisande. Skyssbåten blir vidare nytta av kommunale omsorgstenester, og til transport av skuleelevar frå Sæbø som har symjeopplæring på Bjørke.

Utgiftene til drift av skyssbåten er delt mellom Ørsta kommune og fylkeskommunen. Sjølv tenesta vert utført av Christian Gaard Bygdetun AS. Gjeldande avtale er inngått juni 2017 og gjeld fram til 31. desember 2019, med opsjon på ytterlegare to år. Skyssbåten har ein viktig funksjon i Hjørundfjorden. I tillegg til å vere det samferdslemessige limet mellom bygdene i fjorden, spelar den ei stor rolle for den veksande reiselivssatsinga i området. Ørsta kommune finansierer sin del av kostnadane med bruk av næringsfond, som igjen er finansiert av inntektene frå konsesjonskrafta. Ein stor del av desse inntektene kjem frå Bjørke. Sjølv om Ørsta kan få fylkeskommunalt tilskot til næringsfond ved ei eventuell grensejustering, vil næringsfondet ikkje lenger kunne klare å sikre drifta av skyssbåten. Finansiering ved å ta frå rammene til tenesteytinga elles er neppe realistisk.

Avtalen som gjeld frå juni 2017 og framover inneber ein årleg kostnad på kr. 1 450 000.- for Ørsta kommune. Budsjettet for 2017 syner ei løyving på kr. 2 116 000.- til skyssbåt og eit tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune på kr. 700 000.-. Skilnaden mellom dei budsjetterte kostnadane og ramma for den nye avtalen kjem av at ein i anbodet har redusert krava til båten sin kapasitet.

## Kultur

Hjørundfjorden har ei rikt kulturliv og er ein viktig del av Ørsta si kulturhistorie. Av Ørsta kommune sine midlar til kulturformål har bedehuset, ungdomshuset Haukly og Bakketunet vore prioritert. Kommunen har også gitt tilskot til bokutgivingar og yter årlege tilskot til ungdomslag, idrettslag, korps, og 17. mai-feiring når det er søkt om det. Dette for å stimulere til dugnadsånd og samhald i bygdene. For 2017 er det frå Ørsta kommune ytt kulturtilskot på kroner 69 500 til ulike lag, foreiningar og kulturtiltak i krinsane Bjørke og Viddalen. Tilsvarende tal for 2016 var kroner 39 500.

## Storfjord (Bjørke) kyrkje og kyrkjegard

Storfjord kyrkje, Bjørke kyrkje i daglegtale, vart vigsla i 1920. Kyrkja er i Regional delplan for kulturminner og kulturmiljø oppført som eit kulturminne av regional verdi.

Storfjorden sokn er saman med Hjørundfjord sokn under Hjørundfjord prestegjeld.

Rekneskapen for Storfjord sokn viser andre årlege driftsutgifter på om lag kr 70 000 for 2016. I tillegg kjem lønsutgifter på om lag kr 160 000 årleg inkl. arbeidsgjevaravgift og pensjonsutgifter. Dette går til 3 mindre stillingsprosentar: Klokkar (6 %), kyrkjjetenar (15 %) og organist (15 %). Totalt utgjær overføringane til soknet om lag kr 230 000 årleg.



Ørsta kommune har drifts- og vedlikehaldsansvar for Storfjord kyrkjegard. Tidsforbruket for stell og vedlikehald av kyrkjegarden gjennom ein sesong er mellom 250-300 timar. Desse kostnadane er ikkje med i rekneskapen ovanfor. I tillegg kjem overføringar til fellesrådet. Det er ikkje kjent kor stor del av fellesrådet sitt arbeid som gjeld Storfjord sokn.

Renovasjon, feiing, vatn- og avløp

Renovasjonstenester vert utført som ei interkommunal teneste gjennom Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR).

Feiing vert utført av Ørsta kommune.

Det er ikkje kommunalt vatn- og avløpsnett på Bjørke, men private løysingar.

Brannordning

Ørsta kommune har i dag eit branndepot på Bjørke bemanna med 6 brannmannskap utan vaktordning men med beredskap. Desse er opplærde til å betene utstyret dei har tilgjengeleg og tenkt til førsteinnsats. Dei øver regelmessig gjennom året på forskjellige relevante tema.

Ved utkallingar til hendingar som kan krevje utstyr eller opplæring som dei ikkje har, vert næraste brannstasjon med slikt utstyr utkalla. I dei fleste tilfelle vil det vere brannstasjonen i Hornindal. For større hendingar, som til eks. bygningsbrann vert også Volda brannstasjon utkalla. Dette fordi Hornindal ikkje har vaktordning, men det har Volda sentrum, slik at ein då er heilt sikker på at nokon kjem. Denne prioriteringa er ikkje låst, slik at vår Befalsvakt har moglegheit til å be om ytterligere styrkar frå andre kommunar om ein ser at det er nødvendig.

Beredskap

I Heilskapleg ROS-analyse for Ørsta kommune har ein gjort ei kartlegging av uønska hendingar som kan inntreffe. For krinsane Bjørke og Viddalen er desse i stor grad knytt til skred i Skjåstaddalen og avstengde vegar i samband med skred. I tilfelle med avstengde vegar er fjorden viktig kommunikasjonsåre.

Dårleg telefon- og mobilnett er ei generell utfordring i området, og dette er særleg kritisk i beredskapssituasjonar. For å møte dette har Ørsta kommune investert i mobilmast, sjå punkt under.

Geodata og matrikkel

Alle kartbasar må endrast som følge av grensejustering sidan kartbasane er kommunevise. Dette gjeld alle typar kart, ikkje minst plankart og alt som høyrer til dei. I Kartverket si sjekklister ved grensejustering kjem det fram at dette medfører; Høyring, søknad, vedtak av nye grunnkrinsar; skulekrinsar; valkrinsar, oppdatert matrikkel med krinsendringar, vedtak/oppdatering av nye gardsnummer, vedtak/oppdatering av nye vegnamn, nytt kommunenummer, samanslåing av matrikkelen. Dette må vere på plass før grensejusteringa.

I KS sin rettleiar Digitale konsekvenser av kommunesammenslåing er det streka under at kommunar bør ha ein god prosess for digital samanslåing (prosjektstyrt), at digital samanslåing er ein vesentleg kostnadspost, og at prosessen ofte er undervurdert med omsyn til datakonvertering.

Arkiv

Kommunal arkivteneste vil i mindre grad verte påverka av eventuell grensejustering. Pågåande saker som gjeld tenesteyting i krinsane Bjørke og Viddalen vert avslutta og arkivert i Ørsta kommune sitt arkiv. Ikkje-avslutta saker vert kopiert og sendt til nye Volda kommune.

## NÆRINGSUTVIKLING

Landbruk- og skogsbrukstenester

Ansvaret for den kommunale landbruksforvaltninga ligg til Landbrukskontoret. Kontoret er organisatorisk lagt til seksjonen Kultur og landbruk. Ørsta og Volda har hatt felles landbrukskontor sidan 01.09.2014, med Ørsta som vertskommune. Politiske saker på landbruksområdet vert handsama av landbruksnemnda i Ørsta, og forvaltningsutvalet i Volda. Uavhengig av samanslåingsprosessen mellom Volda og Hornindal kommunar vil det også i framtida vere eit landbrukskontor i Ørsta kommune.

Tal produksjonstilskot i jordbruket for dei med postadresse Bjørke er 16 per 1. oktober 2017.

Næringsverksemd knytt til landbruket har ein døme på med Bakketunet som er eit kunst- og kultursentrum med vekt på å formidling av tradisjonar, kulturarv, kunsthåndverk og samtidskunst (<http://www.bakketunet.com/>), og verksemda Fjordbobler som har starta opp med drue- og vinproduksjon.

Reiselivssatsing

Ørsta kommune har gjennom Masterplan Produktutvikling Reiseliv starta opp eit langsiktig arbeid med fokus på reiseliv og turisme som næring i heile Hjørundfjorden, inklusive krinsane Bjørke og Viddalen. Med dette håper ein å gje turismenæringa i regionen eit løft og moglegheiter for utvikling. Ørsta kommune har vedteke å opprette næringsfond som mellom anna kan nyttast av turismeaktørar i kommunen. Som ledd i dette er ein i startgropa med fleire verdiskapingsprosjekt i heile Hjørundfjorden.

Ørsta kommune er merksame på den store innsatsen lag og organisasjonar gjer innanfor mellom anna reiseliv, og ønskjer med denne satsinga å forsterke effektane av innsatsen som vert lagt ned av både private og offentlege aktørar.

Kulturminne- og kulturlandskapsverdiar

Hjørundfjorden med Norangsdalen og Skjåstaddalen er av Fylkesmannen foreslått som kandidat til Utvalgte kulturlandskaper (UKL) i regi av Landbruksdirektoratet. Desse kulturlandskapsverdiane i kombinasjon med dei rike kulturminneverdiane i området, er vesentlege faktorar for reiselivssatsinga. For krinsane Bjørke og Viddalen er det særleg store kulturminneverdiar knytt til stor konsentrasjon av bygningar frå mellomalderen.

## ØKONOMISKE VERDIAR OG INVESTERINGAR

Generelle inntekter

Kor mykje av dette som kjem frå krinsane Bjørke og Viddalen er det vanskeleg å rekne ut nøyaktige tal på. Nokre av dei frie inntektene kan reknast på meir nøyaktig, medan andre inntekter som t.d. tilskot frå staten er heilt umogleg å rekne på sidan dette m.a. vert justert ut frå eit gjennomsnitt for landet.

Frie inntekter inkluderer m.a. konsesjonsavgift og naturressursskatt. Størstedelen av desse inntektene til Ørsta kommune kjem frå krinsane Bjørke og Viddalen. Det same gjeld inntektene frå sal av konsesjonskraft. I tillegg kjem inntekter frå eigedomsskatt. Desse

inntektene er rekna på særskilt, medan resten er basert på eit gjennomsnitt for Ørsta kommune. Sal av konsesjonskraft er ikkje frie inntekter, medan eigedomsskatt vert rekna som frie inntekter.

Konsesjonsavgift, naturressursskatt og sal av konsesjonskraft

I 2016 utgjorde desse inntektene høvesvis kr 1,5 mill., kr 2,4 mill. og kr 1,3 mill. Totalt vart dette omlag kr 5,1 mill. for heile Ørsta kommune i 2016, medan det for 2017 ser ut til å verte om lag kr 6,7 mill. Endringane skuldast i hovudsak at inntektene frå sal av konsesjonskraft kan svinge mykje.

I hovudsak vert desse inntektene rekna på bakgrunn av produksjon. Det er fleire kraftverk i krinsane Bjørke og Viddalen, der Tussa Kraftverk er det største. Kraftproduksjonen i dette området utgjer om lag  $\frac{3}{5}$  av den totale kraftproduksjonen i Ørsta. Dette tilsvarer kr 3,4 mill. i 2016 og kr 4,4 mill. i 2017.

Eigedomsskatt

Inntekter frå eigedomsskatt for krinsane Bjørke og Viddalen utgjer om lag kr 1,3 mill. årleg. Størstedelen av dette kjem frå Tussa sine anlegg på Bjørke.

Det vert teke atterhald om moglege feil i grunnlaget for utrekningane.

Andre frie inntekter

Når det gjeld andre frie inntekter som t.d. tilskot frå staten, eigenbetalingar frå innbyggjarane og skatt på inntekter og formue, går vi ut frå at dette samsvarar med gjennomsnittet for resten av Ørsta kommune. Samla frie inntekter for Ørsta kommune var i 2016 kr 605,7 mill. Frie inntekter relatert til krinsane Bjørke og Viddalen som er rekna på særskilt ovanfor, utgjer om lag kr 3,9 mill. for 2016.

Dersom vi nyttar restsummen på kr 601,8 mill. og deler på tal innbyggjarar i Ørsta kommune totalt og gongar med tal innbyggjarar i krinsane Bjørke og Viddalen, får vi omlag kr 6,4 mill. i andre frie inntekter. Samla inntekter frå kraftverk og innbyggjarar i desse krinsane utgjer ved å rekne på denne måten kr 11,2 mill. for 2016 og kr 12,2 mill. for 2017 (foreløpige tal).

Som oppsettet over syner, vil Ørsta kommune for framtida miste ein god del av inntektene dersom kommunegrensa vert endra. Ørsta kommune ynskjer å halde seg til inndelingslova sine reglar om endring av kommunegrensar dersom det skulle bli aktuelt å flytte kommunegrensa mellom Volda og Ørsta. Dette gjeld både for reglar om økonomisk oppgjer mellom kommunene og reglane om erstatning dersom ei kommune vert vesentleg svekka økonomisk ved ei grensejustering.

Kommunal veg og eigedom

Ørsta kommune har drifts- og vedlikehaldsansvar for kommunale vegar i krinsane Bjørke og Viddalen. For vegar har ein faste arbeidsplanar for oppsyn, sandstrøing, kantslått, grøfterens mv. Brøyting er på anbod. Seinare år har kommunen lagt fast dekke/asfalt på kommunal veg Leira og Bjørke. Asfalt frå Bjørke til Finnes gjenstår, men i vedtatt budsjett for 2018 er det i investeringsbudsjettet sett av ein million kroner til vegutbetringar i krinsane Bjørke og Viddalen (asfalt, autovern o.l.). Kommunen har, i lag med stor innsats frå lokale krefter, investert i ny busslomme på Bjørke og delfinansiert ny Tyssebru.

Ørsta kommune sine eigedommar i krinsane Bjørke og Viddalen er kommunal veg, Storfjord kyrkjegard, noko areal på Notabreidsla, og gamal steinkai på Bjørke. Annan eigedom er sameige med andre Tussa-kommunar. Kommunen sine eigedommar kjem fram av vedlegg, synleggjort med kartutsnitt og heimelshavarar.

## Mobilmast

Ørsta kommune har løyvd midlar til finansiering av ei mobilmast på Rørstad, til ein verdi på kr. 1 050 000 eks mva. Utbygginga er eit beredskapstiltak som skal gi dekning i eit område i Skjåstaddalen. Tiltaket vil føre til at Bjørke får tilfredsstillande mobildekning og er planlagt fullført innan september 2018.

## PLANAR ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

Vedtekne planar som gjeld næring og bustadar er:

- Bjørke sentrum. Vedtatt arealplan 1987.
- Fv. 41 Bjørke –Leira. Vedtatt arealplan 2010.
- Detaljreguleringsplan for Kalneset. Vedtatt arealplan 2013.

Utover dette har ein kommuneplanens arealdel, vedtatt i 1991.

Planar under utarbeiding:

- Detaljreguleringsplan for naustområdet på Leira

Planar som er varsla:

- Detaljreguleringsplan for Sætre, men er i planinnsyn merka som uaktuell/trukket
- Arealdelen av kommuneplanen er varsla men arbeidet ikkje sett i gang

## ANDRE MOMENT

Foreiningar i det aktuelle området

Kommunen sin kjennskap til dette feltet er dei som søker om kulturtilskot, sjå punkt over.

Retningsval ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar

Kommunen har ikkje bakgrunn for å svare på dette.

Innbyggjarundersøking og val av metode

Elles vil Ørsta kommune minne om tidlegare attendemelding om innbyggjarundersøkinga. Erfaringane som mange kommunar gjorde seg med folkerøystingar og innbyggjarundersøkingar i samband med kommunereforma er at alle bør høyrast og at spørsmål og problemstillingar bør vere så klare og utvetydige som råd for å få fram kva folkeviljen faktisk er i slike spørsmål. Ein rapport frå Institutt for samfunnsforskning syner at uklare spørsmål kan medverke til å gjere slike røystingar og undersøkingar mindre demokratiske. Difor bør problemstillinga i undersøkinga vere presis og enkel. Fleire spørsmål og nyansar kan medverke til å gjere det uklart kva ein ønskjer svar på og såleis svekke undersøkinga sin legitimitet. Vi rår difor igjen til at innbyggjarane vert bedne om å svare ja eller nei på spørsmålet om dei ønskjer ei grensejustering.

Innbyggjarundersøkinga bør vere skriftleg og bør sendast til kvar einskild med bustadadresse i krinsen. Ei brevundersøking med svarfrist vil etter vårt syn vere den mest forsvarlege metoden overfor alle innbyggjarane.

**Vedlegg:**

**Kommunale eigedommar i krinsane Bjørke og Viddalen**

**Telefonnummer til innbyggjarar 16 år og eldre i 2018 i krinsane Bjørke og Viddalen**

**Kopi:**

**Torbjørn Saure Hoel, Skjåstaddalen 484, 6190 Bjørke**

**Svein Homberset Skjåstad, 6190 Bjørke**

**Volda kommune**


**Hornindal kommune**

**Med helsing**

**Wenche Solheim  
rådmann**

**Eldar Rune Øye  
assisterande rådmann**

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*




14.12.2017  
 Målestokk 1:1000  
 Ørsta kommune

# Ørsta Kommune

Eierliste for: pr. 14.12.2017

1520 - 134/7	HAREID KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
Rådhusplassen 5		Poststed	6060 HAREID
1520 - 134/7	HERØY KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
Postboks 274		Poststed	6099 FOSNAVÅG
1520 - 134/7	MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
Postboks 2500		Poststed	6404 MOLDE
1520 - 134/7	SANDE KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
Rådhuset		Poststed	6084 LARSNES
1520 - 134/7	SYKKYLVEN KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
Kyrkjevegen 62		Poststed	6230 SYKKYLVEN
1520 - 134/7	VANYLVEN KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
RÅDHUSET		Poststed	6143 FISKA
1520 - 134/7	VOLDA KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
STORMYRA 2		Poststed	6100 VOLDA
1520 - 134/7	ØRSTA KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
Dalevegen 6		Poststed	6153 ØRSTA



134/3

134/9

134/21

134/10

134/2

134/29

134/2

X 6884400

X 688300

Y 372900

Y 373000



14.12.2017  
Målestokk 1:1000  
Ørsta kommune




# Ørsta Kommune

Eierliste for: pr. 14.12.2017

Elendom 1520 - 134/10	Navn HAREID KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Rådhusplassen 5		Poststed 6060 HAREID	
Elendom 1520 - 134/10	Navn HERØY KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Postboka 274		Poststed 6099 FOSNAVÅG	
Elendom 1520 - 134/10	Navn MØRE OG RØMSDAL FYLKESKOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Postboks 2500		Poststed 6404 MOLDE	
Elendom 1520 - 134/10	Navn SANDE KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Rådhuset		Poststed 6084 LARSNES	
Elendom 1520 - 134/10	Navn SYKKYLVEN KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Kyrkjevegen 62		Poststed 6230 SYKKYLVEN	
Elendom 1520 - 134/10	Navn VANYLVEN KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse RÅDHUSET		Poststed 6143 FISKÅ	
Elendom 1520 - 134/10	Navn VOLDA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse STORMYRA 2		Poststed 6100 VOLDA	
Elendom 1520 - 134/10	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	

X 6888600



X 6888700

134/4

X 6888600

134/7

Y 3728000




14.12.2017  
 Målestokk 1:1000  
 Ørsta kommune

# Ørsta Kommune

Eierliste for: pr. 14.12.2017


Elendom 1520 - 134/11	Navn HAREID KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Rådhusplassen 5		Poststed 6060 HAREID	
Elendom 1620 - 134/11	Navn HERØY KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Postboks 274		Poststed 6099 FOSNAVAG	
Elendom 1520 - 134/11	Navn MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Postboks 2500		Poststed 6404 MOLDE	
Elendom 1520 - 134/11	Navn SANDE KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Rådhuset		Poststed 6084 LARSNES	
Elendom 1520 - 134/11	Navn SYKKYLVEN KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Kyrkjevegen 62		Poststed 6230 SYKKYLVEN	
Elendom 1520 - 134/11	Navn VANYLVEN KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse RÅDHUSET		Poststed 6143 FISKÅ	
Elendom 1520 - 134/11	Navn VOLDA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse STORMYRA 2		Poststed 6100 VOLDA	
Elendom 1520 - 134/11	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	



# Ørsta Kommune

Eierliste for: pr. 14.12.2017

Elendom	Navn	Roller	Personstatus
1520 - 135/7	ØRSTA KOMMUNE	Hjemmelshaver (H)	
Adresse		Poststed	
Dalevegen 6		6153 ØRSTA	



X 6898200

X 6888000

X 6887800

Y 372800

Y 373000




14.12.2017  
Målestokk 1:2000  
Ørsta kommune

# Ørsta Kommune

Eierliste for: 14.12.2017

Elendom 1520 - 135/8	Navn HAREID KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Rådhusplassen 5		Poststed 6060 HAREID	
Elendom 1620 - 135/8	Navn HERØY KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Postboks 274		Poststed 6099 FOSNAVÅG	
Elendom 1520 - 135/8	Navn MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Postboks 2500		Poststed 6404 MOLDE	
Elendom 1520 - 135/8	Navn SANDE KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Rådhuset		Poststed 6084 LARSNES	
Elendom 1520 - 135/8	Navn SYKKYLVEN KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Kyrkjevegen 62		Poststed 6230 SYKKYLVEN	
Elendom 1520 - 135/8	Navn VANYLVEN KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse RÅDHUSET		Poststed 6143 FISKÅ	
Elendom 1620 - 136/8	Navn VOLDA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse STORMYRA 2		Poststed 6100 VOLDA	
Elendom 1520 - 135/8	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	



X 6886500

X 6886500

X 6886500

Y 372600

Y 372600




14.12.2017  
 Målestokk 1:1000  
 Ørsta kommune



# Ørsta Kommune

Eierliste for: 14.12.2017

<b>Eiendom</b> 1520 - 135/11	<b>Navn</b> ØRSTA KOMMUNE	<b>Rolle</b> Hjemmelshaver (H)	<b>Personstatus</b>
<b>Adresse</b> Dalevegen 6		<b>Poststed</b> 6153 ØRSTA	



14.12.2017  
Målestokk 1:1000  
Ørsta kommune

Y 372200


Y 372100

# Ørsta Kommune

Eierliste for: 14.12.2017

Elendom 1520 - 135/18	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	
Elendom 1520 - 135/30	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	
Elendom 1520 - 135/31	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	
Elendom 1520 - 135/32	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	
Elendom 1520 - 135/33	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	
Elendom 1520 - 135/34	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	
Elendom 1520 - 135/35	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	
Elendom 1520 - 135/36	Navn ØRSTA KOMMUNE	Rolle Hjemmelshaver (H)	Personstatus
Adresse Dalevegen 6		Poststed 6153 ØRSTA	

Vedlegg 4  
b



ØRSTA KOMMUNE	
Saksnr.	Saksnr.
Plus	Bardseth
14 DES 2017	
Saksnr.	2017/2063
Løpenr.	
Klass.	001
Tilgk.	B

Ørsta kommune  
v/ Arnstein Nupen

Oversendes kun elektronisk

IKKJE OFF.  
Jfr. Off.lova §

Oslo, 13. desember 2017

Ansvarlig partner: Silje Aga Rogan  
Referanse: 137446 - 2216

Unntatt offentlighet, if. offl. § 15 (2)

## UTKAST – 13. DESEMBER 2017

### ØRSTA KOMMUNE - GRENSEJUSTERING OG KRAFTINNTEKTER

#### 1 Innledning og bakgrunn

Ørsta kommune har i e-post 30. oktober 2017 og etterfølgende kontakt bedt Advokatfirmaet Lund & Co DA vurdere spørsmål om hvordan kommunens kraftinntekter kan påvirkes ved grensejustering.

Bakgrunnen for henvendelsen er at en gruppe innbyggere i området Bjørke, Leira og Viddal i Ørsta kommune har søkt Fylkesmannen i Møre og Romsdal (Fylkesmannen) om å flytte områdene fra Ørsta til Volda kommune. Søknaden er kommet i etterkant av vedtatt kommunesammenslåingen av Volda og Hornindal kommuner. Ørsta kommune har opplyst at det aktuelle området består av tre mindre grender med om lag 160 innbyggere.

Ifølge Fylkesmannens foreløpige rapport om «Grensejustering i Ørsta kommune» 22. november 2017, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) bedt Fylkesmannen om å gjøre rede for konsekvenser av en eventuell grensejustering. I rapporten skriver Fylkesmannen bl.a.:

*«Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.»*

Utover dette kan vi ikke se at vassdragsforholdene er omtalt i rapporten.<sup>1</sup> Videre fremgår av presentasjonen til Fylkesmannen 1. november 2017 at frist for supplerende faktagrunnlag er satt til 18. desember 2017.

Det er fortsatt uvisst om grensen vil bli flyttet. Vi har fått opplyst at Ørsta kommune skal møte Fylkesmannen til videre dialog mandag 18. desember 2017.

En grensejustering vil kunne påvirke størrelsen på kommunenes kraftinntekter. Kommunenes kraftinntekter grupperes gjerne i vertskommuneinntekter og inntekter som følge av eierskap til kraftanlegg, og mellom lovfestede og avtalefestede kraftinntekter. De viktigste *lovhjemlede* ordninger som gir vertskommuner inntekter fra vannkraftanlegg er konsesjonsavgift, konsesjonskraft, eiendomsskatt og naturressursskatt.

<sup>1</sup> Vi registrerer at det avslutningsvis i rapporten er en «Sjekkliste for innhenting av faktagrunnlag ved grensejustering», hvor «Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve» ikke er krysset av.

I områdene Bjørke, Leira og Viddal, har Tussa Kraft AS tre vannkraftproduksjonsanlegg, herunder Tussa, Viddal og Draura kraftverk. Ørsta kommunes inntekter fra konsesjonskraft utgjorde kr 2,78 millioner i 2016<sup>2</sup>. Eiendomsskatt på næring, verk og bruk og ubebygde tomter utgjorde kr 5,79 millioner samme år<sup>3</sup>. Det fremgår ikke av opplysningene fra SSB hvor stor andel av disse eiendomsskatteinntektene som kommer fra vannkraft isolert. Videre fremgår av NVEs database for vassdragskonsesjoner at Ørsta kommune i 2016 mottok konsesjonsavgifter fra Tussa Energi AS på til sammen kr 1,52 millioner. Vi har ikke opplysninger om Ørsta kommune har inntekter fra naturressursskatt. Vi legger til grunn at kommunen også mottar slike inntekter, ettersom kommunen har bedt oss om å utrede virkningene for kraftinntekter generelt.


Vi antar at Ørsta kommune i tillegg mottar inntekter i kraft av å være medeier i Tussa Kraft AS. Disse inntektene omtales ikke nærmere i denne betenkningen.

Nedenfor omtales først det aktuelle området som er søkt grensejustert, med en kort omtale av hvor de ulike kraftanlegg er plassert, se punkt 2. Deretter gis en orientering om det generelle regelverket ved deling av inntekter fra konsesjonskraft, konsesjonsavgifter, eiendomsskatt og naturressursskatt, se punkt 3. Fortløpende knyttes bemerkninger til hvordan en grensejustering kan påvirke kraftinntektene til Ørsta kommune. Deretter gis en oversikt over inndelingslovens regler om grensejustering og det økonomiske oppgjøret, se punkt 4. I punkt 5 knyttes noen kommentarer til Ørsta kommunes forhandlinger om en økonomisk kompensasjon ved grensejustering.

Slik vi ser det vil en grensejustering kunne medføre at kommunen kan tape samtlige inntekter fra konsesjonskraft, konsesjonsavgifter, naturressursskatt og eiendomsskatt fra kraftanleggene Tussa, Viddal og Draura kraftverk og kraftverkene Skjåstad og Vågen. Det tas forbehold om at vi ikke har et fullstendig faktisk grunnlag og kartgrunnlag. Konklusjonen er således beheftet med usikkerhet.

## 2 Områdene som er søkt grensejustert


Det fremgår av opplysningene fra Fylkesmannen at søknad om utgreiing av grensejustering for områdene Bjørke og Vidda i Ørsta ble sendt Fylkesmannen 25. september 2017. Søknaden ble sendt til KMD i oktober 2017. Det aktuelle området som er omsøkt er skissert som følger på kartet:



<sup>2</sup> SSB/KOSTRA, inntekter fra konsesjonskraft og andre kraftrettigheter for videresalg (netto)

<sup>3</sup> SSB/KOSTRA, «Eiendomsskatt annen eiendom»

Vi har som nevnt mottatt opplysninger fra Ørsta kommune om at kraftanleggene Tussa<sup>4</sup>, Viddal<sup>5</sup> og Draura<sup>6</sup> ligger i det berørte området. Ifølge NVE Atlas ligger følgende kraftverk med tilhørende dam, magasin og inntakspunkt i det aktuelle området:



Av utklippet fra NVE Atlas, fremgår at også kraftverkene Skjåstad<sup>7</sup> og Vågen<sup>8</sup> ligger i det omsøkte grensejusteringsområdet.

### 3 Fordelingsreglene

Kommuners kraftinntekter er i utgangspunktet knyttet til hvor kraftanlegget har geografisk tilhørighet. Deler av kraftinntektene er knyttet til selve kraftverket, mens andre inntekter er knyttet til fallene, magasinene og nedbørsfeltet. Dersom flytting av kommunegrensene medfører at kraftanlegg, fall, magasiner og/eller nedbørsfelt blir liggende i nye Volda kommune, kan Ørsta kommune miste kraftinntekter fra de aktuelle anleggene/eiendommene.

På bakgrunn av vår gjennomgang av NVE Atlas, samt kort kontakt med hydrolog Einar Østvold, har vi kommet til at det er god grunn til å tro at Ørsta kommune vil miste samtlige kraftinntekter fra kraftverkene Tussa, Viddal, Draura, Skjåstad og Vågen ved en grensejustering. Slik vi og hydrolog har vurdert kartutsnittet, synes det som at samtlige nedbørsfelter, og i alle fall alle utnyttede fall, magasiner, reguleringsanlegg, driftstunneller og kraftverk som i dag ligger i Ørsta kommune, og som er grunnlag for kommunenes kraftinntekter, vil bli overført til Volda ved en grensejustering. Fallet i de bekkene som blir berørt av «takrenna» mellom Tussevatn og Skipdalsvatn, samt overføringen av Blåvatn, synes i dag, og i fremtiden, å

<sup>4</sup> Tussa kraftverk har årlig kraftproduksjon på 260 GWh per år.

<sup>5</sup> Viddal kraftverk har årlig kraftproduksjon på 16 GWh per år.

<sup>6</sup> Draura kraftverk har årlig kraftproduksjon på 6 GWh per år.

<sup>7</sup> Skjåstad kraftverk er ifølge Wikipedia et elvekraftverk med kraftproduksjon på 6,5 GWh.

<sup>8</sup> Vågen kraftverk er ifølge Wikipedia et elvekraftverk med kraftproduksjon på 20 GWh.

ligge i Volda kommune og gi inntekter til denne kommunen. Slik vil det fortsette å være også etter grensejusteringen.

Nedenfor redegjør vi for regelverket for fordeling av kraftinntekter. Hjemmelsgrunnlaget for fordelingsreglene er inntatt i vedlegg 1 til denne betenkningen. Dersom kommunen ønsker en mer grundig kontroll med kartforholdene sett opp mot grensejusteringen, vil det være behov for ytterligere hydrologisk bistand. Vi avventer å kontakte hydrolog til vi eventuelt hører fra kommunen om dette.

### 3.1 Konesjonskraft

Konesjonskraftordningen innebærer at konesjonæren må avgi inntil 10 % av innvunnet kraft fra utbyggingen til vertskommunen til selvkost. Konesjonskraften beregnes og fordeles av konesjonsmyndigheten.

Retten til konesjonskraft følger av industrikonesjonsloven<sup>9</sup> (inkl.) § 2 tredje ledd nr. 12 og vassdragsreguleringsloven<sup>10</sup> (vregl.) § 12 nr. 15 første ledd. Her inntas kun ordlyden i inkl. § 2 tredje ledd nr. 12:

*«Avståelse og fordeling avgjøres av departementet med grunnlag i kommunens behov til den alminnelige elektrisitetsforsyning».*

Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) er delegert avgjørelsesmyndighet for fordeling av konesjonskraft mv. i henhold til ovennevnte lover<sup>11</sup>. Olje- og energidepartementet (OED) og NVE har gitt nærmere retningslinjer med hensyn til beregning, fordeling og pris på konesjonskraft.

En oversikt over kraftgrunnlagene (nat.hk.) for hver konesjon og for hvert av kraftverkene som benytter vannfallet/reguleringen oppgis i forbindelse med fordeling av konesjonskraft. På dette grunnlag fordeles kraften fra det enkelte kraftverk. Kraftgrunnlaget for regulerings-/ervervskonesjon blir fordelt mellom de berørte kommuner i forhold til kraftverks-, magasin- og fall/overførings-andel for det enkelte kraftverk.


I KTV – Notat nr. 53/2001 om bl.a. fordeling av konesjonskraft, er det inntatt en illustrasjon av fordelingsprinsippene:

---

<sup>9</sup> Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m. v. (industrikonesjonsloven) av 14. desember 1917 nr. 16

<sup>10</sup> Lov om vassdragsreguleringer (vassdragsreguleringsloven) av 14. desember 1917 nr. 17

<sup>11</sup> Jf. kgl. res. av 20. januar 1971



Figur 3. Fordelingsnøkkel ved deling av konsesjonskraft mellom kommuner

Konsesjonskraft fra en reguleringskonsesjon fordeles med 48,5 % til magasinkommunene, 48,5 % til fallkommunene og 3 % til kraftverkskommunen<sup>12</sup>.

Ifølge opplysninger fra NVEs database i 2017, er Ørsta kommunes tildelte konsesjonskraftmengde fra Tussa kraftverk 18 951 MWh, se [vedlegg 2](#).

I dette tilfellet ser det ut til at både magasinet, fallet og kraftverket blir overført til Volda kommune etter en eventuell grensejustering. Det innebærer at Ørsta kommunes konsesjonskraftrettigheter sannsynligvis vil gå tapt i sin helhet.

### 3.2 Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgifter er en årlig avgift som kraftverkseier plikter å betale til kommunene som blir berørt av en regulering eller utbygging. Konsesjonsavgifter er en kompensasjon til kommuner for de skader og ulemper av allmenn karakter som følge av utbygging av vannfall/regulering. Videre gir avgiftene kommunene en andel av den verdiskapningen som utbyggingen/reguleringen(e) gir.<sup>13</sup> Avgiftssatsen for konsesjonen blir fastsatt når konsesjonen gis, og indeksjusteres deretter hvert femte år.<sup>14</sup> Fordelingen av konsesjonsavgifter skal behandles på nytt hvert tiende år.<sup>15</sup>

Retten til konsesjonsavgift følger av industrikonsesjonsloven § 2, fjerde ledd nr. 13 og vassdragsreguleringsloven § 11.

<sup>12</sup> NVE Fakta nr. 1 2004 – Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft

<sup>13</sup> KTV – Notat nr. 52/2001

<sup>14</sup> NVE Fakta nr. 1 2004 – Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft

<sup>15</sup> NVE Fakta nr. 1 2004 – Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft



Det beregnes konsesjonsavgift for både ervervs- og reguleringskonsesjoner, såkalt ervervsavgift og reguleringsavgift. Kraftverkseier skal ikke betale dobbelt for sammen mengde regulert vann, slik at når et kraftverk benytter begge typer konsesjoner trekkes i hovedsak reguleringsavgiftene fra ervervsavgiftene. Det overskytende utgjør netto ervervsavgift.<sup>16</sup>

Konsesjonsavgift fra en ervervskonsesjon tildeles i sin helhet til fallkommunen. Konsesjonsavgift fra en reguleringskonsesjon fordeles først mellom overføringskommuner, hvor andelen tilsvarer 50 % av kraftgrunnlaget som det overførte vannet bidrar med. Resten av konsesjonsavgiften fordeles deretter med minst 80 % til magasin kommunene og inntil 20 % til elvekommunen.<sup>17</sup>

Det fremgår av NVEs database for vassdragskonsesjoner at Ørsta kommune i 2016 mottok konsesjonsavgifter fra Tussa Energi AS på til sammen kr 1,52 millioner. Vi er ikke kjent med om kommunens konsesjonsavgifter kun er avgifter fra Tussa Kraftverk, eller om også øvrige anlegg betaler konsesjonsavgift til kommunen. Ettersom det ser ut til at både magasin, fall og kraftverk for anleggene Tussa, Viddal, Draura, Skjåstad og Vågen vil bli overført til Volda kommune etter en eventuell grensejustering, vil Ørsta kommunes inntekter fra konsesjonsavgifter fra disse anleggene sannsynligvis gå tapt i sin helhet.

### 3.3 Eiendomsskatt

Eiendomsskatten er regulert i eiendomsskatteloven.<sup>18</sup> Eiendomsskatt er en frivillig, kommunal skatteordning, og det er kommunestyret som bestemmer hvorvidt det skal være eiendomsskatt i kommunen.

Ørsta kommune har eiendomsskatt i hele kommunen etter eiendomsskatteloven § 3 bokstav a. Det innebærer at kommunen også skriver ut eiendomsskatt på kraftanlegg.

Kraftanlegg verdsettes etter skatteloven § 18-5.<sup>19</sup> Reglene i eiendomsskatteloven § 8B-2<sup>20</sup> flg. regulerer kommunefordelingen for kraftanlegg som krysser kommunegrenser. Fordelingen av eiendomsskatten mellom kommunene bygger på den forholdsmessige andelen av gjenanskaffelsesverdien til særskilte driftsmidler i anleggene i de aktuelle kommunene.

Basert på hvordan vi leser oversendte kartutsnitt, jf. også merknadene over, er det vår oppfatning at en eventuell grensejustering vil medføre at Ørsta kommunes eiendomsskatteinntekter fra nevnte kraftverk vil gå tapt.

### 3.4 Naturressursskatt

Naturressursskatten er regulert i skatteloven § 18-2. Naturressursskatten inngår i grunnlaget for inntektsutjevningen, i motsetning til eiendomsskatten. Fordelingsreglene følger av § 18-7, som har ulike bestemmelser om fordeling av formuen mellom kraftverkskommunen, den/de kommuner der reguleringsanlegget ligger og vannfallskommunen(e).

<sup>16</sup> NVE Fakta nr. 1 2004 – Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft

<sup>17</sup> NVE Fakta nr. 1 2004 – Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft

<sup>18</sup> Lov om eieendomsskatt til kommunane av 6. juni 1975 nr. 29

<sup>19</sup> Lov om skatt av formue og inntekt (skatteloven) av 26. mars 1999 nr. 14

<sup>20</sup> Eiendomsskatteloven § 8B-2 regulerer kommunefordeling av grunnlaget for eiendomsskatt for kraftanlegg satt i drift pr. 1. januar 2000

Det er kraftselskapet selv som innrapporterer beregningsgrunnlaget til ligningsmyndighetene. Vi har ikke innsyn i dette, slik at vi ikke kan se hvor stor del av naturressursskatten som skrives seg fra de enkelte anlegg. Vi kan be om innsyn, men Sentralskattekontoret for storbedrifter (SFS) har i andre saker avslått slike anmodninger av hensyn til taushetsplikt<sup>21</sup>.

Basert på vår gjennomgang av kartutsnitt mv., antar vi at en eventuell grensejustering også vil medføre at Ørsta kommune vil miste eksisterende inntekter fra naturressursskatt.

#### **4 Grensejustering og økonomisk oppgjør etter inndelingsloven**

##### **4.1 Avtalefrihet om det økonomiske oppgjøret**

Vi forutsetter at flytting av områdene Bjørke, Leira og Viddal fra Ørsta til Volda kommune innebærer en «grensejustering» etter inndelingsloven § 3 tredje ledd tredje punktum. I kapittel 4 i inndelingsloven er det gitt regler om økonomisk oppgjør ved grensejustering og deling av kommuner. Av inndelingsloven § 18 fremgår:

*«§ 18. Avtale om økonomisk oppgjør*

*Ved grensejustering og deling av kommunar og fylke skal det gjennomførast økonomisk oppgjør mellom kommunane og fylkeskommunane, dersom dei ikkje finn det unødvendig. Kommunane kan be Fylkesmannen om hjelp til å forhandle fram ein avtale om det økonomiske oppgjøret.*

*Dersom partane ikkje blir samde om det økonomiske oppgjøret, skal det gjennomførast ved skjønn. Ved skjønnet skal reglane i §§ 19-22 leggjast til grunn.»*

Utgangspunktet er at kommunene på egen hånd skal forsøke å forhandle frem en avtale om det økonomiske oppgjøret. Ifølge bestemmelsens forarbeider<sup>22</sup> er det kommunene selv som avgjør om det er behov for økonomisk oppgjør. Forarbeidene forutsetter at kommunene gjør det de kan for å bli enige, før kommunene ber fylkesmannen om bistand. Fylkesmannen sin oppgave vil da være å veilede kommunene i prosessen.<sup>23</sup> Hvis kommunene fortsatt ikke blir enige, skal det økonomiske oppgjøret avgjøres av en skjønnsnemnd, som oppnevnes av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i medhold av inndelingsloven § 23. Avgjørelsen til skjønnsnemnda kan overprøves av overskjønnsnemnda, men kan ikke ankes inn for de ordinære domstolene.<sup>24</sup>

Etter inndelingsloven legges det med andre ord opp til at Ørsta og Volda kommuner forhandler om det økonomiske oppgjøret dersom områdene Bjørke, Leira og Viddal flyttes. Som det fremgår av loven, forhandles enten med eller uten Fylkesmannens bistand.

Ifølge forarbeidene<sup>25</sup> er det naturlig at kommunene (eventuelt fylkesmannen) tar utgangspunkt i reglene i inndelingsloven §§ 19-22 for å komme frem til avtale om det økonomiske oppgjøret. Disse reglene skal legges til grunn av skjønnsnemnda, mens kommunene (eventuelt fylkesmannen) er ikke bundet til å legge reglene til grunn for en avtale. Det gjelder med andre ord avtalefrihet omkring det økonomiske oppgjøret.

Hovedregelen etter inndelingsloven § 19 første ledd er at all forvaltningseiendom overføres til den andre kommunene, dersom området flyttes fra en kommune til en annen. Det vil si at eiendomsretten til «vegar, gater, bruer, offentlege plassar og annan forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener

<sup>21</sup> Til orientering arbeider LVK for formell innsyn- og klagerett for kommunene

<sup>22</sup> Ot.prp.nr. 41 (2000-2001) s. 77-78

<sup>23</sup> Rundskriv fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet 25. juni 2015 (H-2015-10) pkt. 6.2

<sup>24</sup> Ot.prp.nr. 41 (2000-2001) s. 80

<sup>25</sup> Ot.prp.nr. 41 (2000-2001) s. 78

vedkomande område», skal overføres i tråd med grenseendringen. Etter inndelingsloven § 19 annet ledd kan skjønnsnemnda fordele eller påby at kommunene i fellesskap benytter «annen eiendom», som ifølge forarbeidene<sup>26</sup> kan være aksjer, verdipapirer, skatterestanser, el-verk, administrasjonsbygg og finansformue (herunder skog- og landbrukseiendom, sporveier og annen fast eiendom som ikke er kjøpt for forvaltningsmessige formål). Dersom Ørsta kommune har stiftet gjeld i forbindelse med kjøp eller annen påkostning av eiendom som nevnt i første eller andre ledd, kan denne gjelden overføres til den andre kommunen som eiendommen overføres til. Eventuelt kan det fastsettes at kommunen skal betale vederlag for eiendommen.

Av forarbeidene fremgår videre at skjønnsnemnda bare unntaksvis kan påby deling av eiendom som ikke følger grunnen. I inndelingsloven § 19 fjerde ledd er det presisert at eiendom det ikke er gjort særskilt vedtak eller avtale om, blir tilhørende den opprinnelige kommunen.

Ørsta kommune bør derfor kartlegge hvilken type forvaltningseiendom og annen eiendom som ligger i områdene Bjørke, Leira og Viddal som eventuelt skal overføres til Volda kommune. Kommunen bør prøve å verdsette eiendommene, herunder om eiendommene gir årlige inntekter til kommunen. Det bør også undersøkes om det er stiftet gjeld i forbindelse med kjøp eller påkostning av eiendommene. Videre bør kommunen undersøke eventuelle andre forpliktelser eller heftelser på eiendommene. En slik kartlegging danner et viktig utgangspunkt for forhandlinger med Volda kommune.

#### 4.2 Inndelingslovens regler om erstatning

Inndelingsloven § 21 regulerer erstatning. Bestemmelsen innebærer at skjønnsnemnda kan tilkjenne erstatning dersom en kommune blir vesentlig svekket økonomisk ved grensejustering:

*«§ 21. Erstatning*

*Dersom ein kommune eller fylkeskommune etter det oppgjeret som blir gjennomført i samsvar med §§ 19 eller 20, blir vesentleg svekt økonomisk, kan ein annan av kommunane eller fylkeskommunane, der det blir rekna som rimeleg, påleggjast å betale erstatning, som blir betalt med ein eingongssum eller i årlege ratar i ein viss overgangsperiode.»*

Av forarbeidene<sup>27</sup> fremgår at denne regelen skal fungere som en sikkerhetsventil og at erstatning ikke er ment å være hovedregelen. I vurderingen av om vilkåret «vesentlig svekt økonomisk» er oppfylt, skal det bl.a. legges vekt på om kommunen kan opprettholde sin standard, hvordan endringen påvirker overføringene fra staten gjennom inntektssystemet og hvilke muligheter kommunen har til å tilpasse seg tapet. Det er videre krav om at det må være rimelig at en annen kommune dekker tapet, slik at også den andre kommunens økonomiske situasjon må vurderes. Hvis kommunene har lik skatteinntekt og standard, vil det ikke fremstå som rimelig å pålegge en av disse kommunene å betale erstatning.<sup>28</sup> Erstatningen kan bli utbetalt med en engangssum eller årlige utbetalinger i en gitt overgangsperiode.

<sup>26</sup> Ot.prp.nr 41 (2000-2001) s. 78

<sup>27</sup> Ot.pr.nr. 41 (2000-2001) s. 62

<sup>28</sup> Ot.ptp.nr. 41 (2000-2001) s. 78 flg.: «Om tapet fører til vesentleg svekt økonomi må vurderast ikkje berre ut frå om kommunen eller fylkeskommunen kan halde oppe sin standard, men òg ut frå ei breiare analyse av den totale økonomien til kommunen/fylkeskommunen. Korleis inndelingsendringa vil påverke overføringane frå staten gjennom inntektssystemet og kva moglegheter kommunen har for å tilpasse seg tapet, er døme på faktorar som må tilleggast vekt.

Det er òg krav om at det skal vere rimeleg at ein annan av kommunane dekkjer tapet. Også denne kommunen sin økonomiske situasjon må vurderast. Om kommunane er likeverdige med omsyn til skattetrykk og standard, vil det som regel ikkje framstå som rimeleg å påleggje ein kommune å betale erstatning til ein annan.»

### 4.3 Særskilt om grensejustering og kraftinntekter

I forarbeidene til inndelingsloven er det ikke foretatt noen vurdering av de særlige hensyn som vil kunne gjøre seg gjeldende for kommunale kraftinntekter i forbindelse med sammenslåing, grensejustering eller deling av kommuner. Departementet har i forarbeidene<sup>29</sup> uttalt at spørsmål om industrikonsesjon, vassdragsregulering og kraftsektoren er kompliserte, som ikke er egnet for lovregulering:

*«Departementet er likevel av den oppfatning at lovregulering vanskeleg kan løyse dette, og meiner at spørsmåla kan løysast best i tilknytning til konkrete saker.»*

Av dette følger at en fordeling av kraftinntektene ved en grensejustering må løses etter en konkret vurdering. I mangel av særlige reguleringer følger det videre av det alminnelige utgangspunktet i loven at partene har avtalefrihet om det økonomiske oppgjøret ved grensejustering.

I 2012 ble det gjennomført en høringsrunde med tre alternativer forslag for å fastsette det økonomiske oppgjøret ved grensejustering av kommuner med store kraftinntekter. Etter høringsrunden konkluderte KMD med at dagens ordning med avtalefrihet skulle opprettholdes, jf. Prop. 109 L (2012-2013):

*«Departementet gjer difor i proposisjonen ikkje framlegg om endringar i føresegnene om det økonomiske oppgjøret ved grensejustering og deling av kommunar med store kraftinntekter.»*

Bakgrunnen for nevnte høring var bl.a. KMDs avslag på en søknad om grensejustering mellom Vaksdal og Modalen kommuner i mars 2011. Vurdering av kraftinntekter var sentralt i saken, og avslaget ble bl.a. begrunnet med at den foreslåtte grensejusteringen ville få store negative økonomiske konsekvenser for Vaksdal kommune. Om kraftinntektene uttalte KMD på s. 3 i vedtaket:

*«Det synes samstundes klårt at ei grensejustering vil få store negative konsekvensar for Vaksdal kommune. Faktainnsamlinga viser at Vaksdal kommune vil kunne få eit kraftrelatert inntektstap på opp mot 26 millionar kroner. Samla sett vil kommunane også oppleve ei reduksjon i kraftrelaterte inntekter, fordi Modalen kommune etter ei eventuell grensejustering ikkje vil ha rett til den mengda konsesjonskraft som anlegga i Eksingedalen og Eidslandet utløyser til Vaksdal kommune i dag. Ved ei grensejustering vil ein stor del av konsesjonskrafta frå området tilfalle Hordaland fylkeskommune. Basert på dagens kraftmarknad har BKK rekna verdien til om lag 7 millionar kroner.*

*Ved ei eventuell grensejustering er innretninga i inndelingslova at kommunane sjølve skal prøve å kome fram til ei avtale om kompensasjon. Ei slik avtale vil også kunne omfatte dei kraftrelaterte inntektene. Kommunal- og regionaldepartementet kan ikkje skissere ei erstatningsløyising som eit premiss for ei eventuell grensejustering. Kommunane kan søke bistand frå fylkesmannen. Dersom kommunane ikkje blir einige, blir spørsmålet avgjort av skjønnsnemnda eller eventuelt overskjønnsnemnda.*

*Den delen av konsesjonskrafta som tilfell Hordaland fylkeskommune vil ikkje vere ein del av desse forhandlingane. Departementet si vurdering er såleis at Vaksdal kommune vil kunne bli varig økonomisk svekka ved ei eventuell grensejustering, avhengig av avtala om kompensasjon, eventuelt skjønnsnemnda si konklusjonar.»*

Etter en konkret vurdering av flere momenter, ble kraftinntektene og det varige økonomiske tapet for Vaksdal kommune tillagt avgjørende vekt i saken. KMDs vedtak er inntatt som vedlegg 3 til dette notatet.

<sup>29</sup> Ot.prp.nr. 41 (2000-2001) s. 62

Vi gjør Ørsta kommune oppmerksom på at KMDs avslag i 2011 ble avsagt på et tidspunkt da kommunereformprosessen ikke var igangsatt. Ved vurderingen av KMDs avslag, bør det tas i betraktning at det i 2011 var en annen holdning til kommunereformer og endringer av kommunegrenser. På dette tidspunktet var det også en annen politisk ledelse. Det er dermed ikke gitt at nevnte avslag vil være førende i dag. Vi bemerker også at partene i Vaksdal-saken ikke hadde kommet til enighet om en avtale, og at KMD muligens ville kommet til et annet resultat dersom en felles avtale mellom kommunene lå til grunn.

## 5 Ørsta kommunes kraftinntekter og eventuelle forhandlinger

Forutsatt at Fylkesmannen anbefaler den omsøkte grensejusteringen, er problemstillingen hvorvidt Ørsta kommune kan beholde samtlige inntekter fra kraftverkene Tussa, Viddal, Draura, Skjåstad og Vågen, til tross for at grensejusteringen medfører at kraftanleggene med tilhørende fall, magasin, reguleringsanlegg mv. vil ligge i nye Volda kommune.

Ved grensejustering er utgangspunktet som nevnt at det gjelder avtalefrihet om det økonomiske oppgjøret mellom kommunene. Det er dermed opp til kommunene å forhandle og avtale seg imellom hvordan inntektene skal fordeles, herunder fordeling av kraftinntekter. De materielle reglene i inndelingsloven §§ 19-22 er bare et utgangspunkt for kommunene i arbeidet med å komme frem til en avtale om det økonomiske oppgjøret. For Ørsta kommune vil varig tap av kraftinntekter og konsesjonskraft være et sentralt moment, tilsvarende som i Vaksdal-saken.

Som det fremgår over, er det NVE som fatter vedtak om kraftgrunnlag, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft.<sup>30</sup> Slike vedtak bygger på lovgivning, herunder vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven.

Advokatfirmaet Lund & Co har vært i kontakt med seniorkonsulent Lisbeth Løchen i NVE, som opplyser at NVE ikke har hjemmel til å fravike den fordeling som følger av vassdragsreguleringsloven og industrikonsesjonsloven. Ved endring i kommunegrenser vil NVE fatte nye vedtak om kraftgrunnlag, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft.

Videre opplyste Løchen at kommuner i utgangspunktet har plikt til selv å innrapportere til NVE dersom det skjer endringer i kommunegrenser/forutsetninger for kommunens inntekter. Dersom NVE senere oppdager at det er gjort endringer, vil kommunen ha plikt til å tilbakebetale kraftinntekter til den berettigede kommunen.

Løchen bekreftet videre at dersom kommunene inngår avtale hvor man fraviker lovens fordeling, vil NVE ikke imøtekomme partenes eventuelle anmodninger om å fravike lovens fordelingsregler. Partene kan derfor ikke legge til grunn at NVE vil godta en annen ordning enn lovens utgangspunkt.

Kommunene kan inngå en privatrettslig avtale som fraviker NVEs fordeling, jf. redegjørelse over om inndelingslovens regler. Ved utarbeidelse av en eventuell avtale, bør det tas hensyn til kommunelovens<sup>31</sup> forbud mot å overdra skatter og avgifter, jf. § 54. Bestemmelsen inneholder et generelt forbud mot overdragelse av skattekrav. Det innebærer at også overdragelse til en stiftelse, fond eller lignende der kommunen ikke har full styringsrett, anses som en overdragelse av kommunenes skatterettigheter

<sup>30</sup> Forskrift av 14. september 2007 nr. 1053 om Delegering av myndighet til Norges vassdrags- og energidirektorat etter industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven

<sup>31</sup> Lov om kommuner og fylkeskommuner, 25.09.1992 nr. 107

(kreditorposisjon). De avtalebaserte økonomiske ordningene og ordlyden i en eventuell avtale mellom Ørsta og Volda kommuner må ta hensyn til disse forhold.

Vi gjør oppmerksom på at en eventuell avtale mellom Ørsta og Volda kommuner kun er juridisk bindende frem til nytt kommunestyret i nye Volda kommune er etablert, ettersom fremtidig myndighetsutøvelse ikke kan bindes. Deretter vil avtalen kun være politisk bindende.

Kommunen bør i forhandlingene understreke at den omsøkte grensejusteringen vil gi store negative økonomiske konsekvenser for kommunen. Ørsta kommunes inntektsbortfall kan konkretiseres ved at kommunen selv ser nærmere på eksisterende inntektsgrunnlag og fremhever det konkrete tapet fra konsesjonskraft, konsesjonsavgift, naturressursskatt og eiendomsskatt. Kommunen kan også vurdere å kontakte hydrolog Østvold for en grundigere gjennomgang av kartgrunnlagene.

Dersom en avtale ikke kommer i stand, bør kommunen med hjemmel i inndelingsloven § 18 første ledd be Fylkesmannen om hjelp til å forhandle frem en avtale om det økonomiske oppgjøret. Det bør i så fall understrekes at NVE ikke kommer til å fravike lovens regler, og at en avtale må være gunstig for Ørsta kommune.

Vi har ikke tilstrekkelig oversikt over de faktiske forhold og presiserer at gjennomgangen over ikke er ment som en uttømmende liste over de elementer kommunen bør ta i betraktning ved forhandlingene.

Dersom det er spørsmål til gjennomgangen over, kan undertegnede kontaktes per e-post [hs@lundogco.no](mailto:hs@lundogco.no) eller telefon 99 11 99 74.

Med vennlig hilsen  
**Advokatfirmaet Lund & Co DA**

Hanne Strand  
Senioradvokat  
[hs@lundogco.no](mailto:hs@lundogco.no)

- Vedlegg 1 Gjeldende fordelingsregler etter industrikonsesjonsloven, vassdragsreguleringsloven, skatteloven og eiendomsskatteloven
- Vedlegg 2 NVEs database for vassdragskonsesjoner per 31. mars 2017, Ørsta kommunes tildelte konsesjonskraftmengde
- Vedlegg 3 KMDs vedtak 22. mars 2011 – «Søknad om grensejustering mellom Vaksdal og Modalen kommunar»



# Hornindal kommune

Rådmann

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520  
6404 MOLDE

Vår ref:  
16/10144-113/ FE-033 AKLA

Dykkar ref.

Dato:  
18.12.2017

## Søknad om grensejustering i Ørsta kommune - innhenting av fakturagrunnlag til utgreiing

Hornindal kommune syner til felles faktagrunnlag utarbeida i samarbeid med Volda kommune. Dette er sendt inn til Fylkesmannen frå Volda kommune.

Skulle de ha behov for ytterlegare informasjon eller opplysningar frå Hornindal kommune, er de velkomne til å ta kontakt.

Helsing

Ann Kristin Langeland  
Rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

## **Innspel frå kommunane Volda og Hornindal til faktagrunnlag**

### **Kommunale tenestetilbod**

#### **Helse og omsorg**

##### ***Volda kommune***

Innbyggjarane frå Bjørke og Viddal nyttar ikkje kommunale helse- og omsorgstenester frå Volda, irekna heimebaserte tenester, døgnbaserte helse- og omsorgstenester, aktiviserings- og servicetenester mm.

Når det gjeld kommunal legevakt, er det fleire av innbyggjarane frå Bjørke og Viddal som nyttar legevaktstilbodet i Volda. Det er også fleire frå Bjørke og Viddal som har fastlege ved Volda legekontor, noko som fastlegeordninga for så vidt opnar opp for. Nattlegevaktstilbodet er interkommunalt, der både Ørsta og Volda er med i dette samarbeidet og såleis inkluderer Bjørke og Viddal.

##### ***Hornindal kommune***

Per i dag om lag 5 personar frå Bjørke og Viddal som har fastlege i Hornindal.

Utover dette nyttar ikkje innbyggjarar på Bjørke og Viddal kommunale tilbod knytt til helse og omsorg.

##### ***Ny kommune***

Ved eventuell grensejustering, vil det vere naturleg at innbyggjarane i det aktuelle området kan gjere seg nytte av det kommunale tenestetilbodet i NYE Volda kommune. Nærmaste institusjonstilbod vil vere på Grodås, men tilsvarende tilbod, og endå meir, finst i Volda sentrum. Heimebaserte tenester, og andre helse- og omsorgstenester, vil ein måtte tilby med alle andre innbyggjarar i NYE Volda. Det er også rett og nemne at innbyggjarane i aktuelt område står fritt til å melde flytting til annan kommune etter ei grensejustering, uavhengig av hjelpebehov/ behov for sjukeheimplass. Denne retten vil naturlegvis også gjelde om ein person frå det aktuelle området vil flytte tilbake til (ny)Ørsta kommune og få tenester der, også om det inkluderer tenester på institusjonsnivå.

#### **Skule- og barnehage**

##### ***Volda kommune***

Avtalen om kjøp av skuleplass for elevar frå Bjørke og Viddal ved Austefjord skule, er oppsagt med verknad frå 01.08.2018, men gjeld i dag for 4 elevar. Likevel er det kommunisert til Ørsta at det er opning for kjøp av elevplass ved Austefjord skule, men då må det gjerast individuelle avtalar for kvar enkelt elev. Vi har ein slik avtale i dag for ein elev frå Bjørke som går på Volda ungdomsskule.

Når det gjeld barnehage ligg det føre ein samarbeidsavtale mellom Volda og Ørsta om bruk av Austefjord barnehage for barn frå Storfjorden sokn (Bjørke). Avtalen seier at Ørsta skal dekke



utgiftene til barnehageplass for sine barn med utgangspunkt i Volda kommune sine netto driftsutgifter per barnehageplass. Dette barnehageåret gjeld dette for to barn frå området.

### *Hornindal kommune*

Hornindal kommunestyre gjorde i sak 036/17 (15.06.17) følgjande samrøystes vedtak:

1. *Hornindal kommunestyre er positive til at det vert framforhandla avtale med Ørsta kommune om skuleplass i Hornindal for elvar frå Bjørke.*
2. *Administrasjonen får fullmakt til å framforhandle avtale gjeldande frå skuleåret 2018/2019*

I etterkant av dette har vi sendt over avtaleutkast til Ørsta kommune, men har fått melding tilbake om at dette vert behandla i Ørsta først på nyåret i 2018. I avtalen legg vi til grunn om lag same ordlyd som i eksisterande avtale mellom Ørsta og Volda, der ein legg til grunn 70% kostnadsdekning.

Når det gjeld barnehage, så vart det i 2012 undertekna samarbeidsavtale mellom Ørsta kommune og Hornindal kommune om bruk av barnehage i Hornindal for born frå Storfjorden sokn i Ørsta kommune. Per i dag er det eit barn frå Bjørke som har barnehageplass i Hornindal.

### *Ny kommune*

I intensjonsavtalen mellom Volda kommune og Hornindal kommune går det fram av pkt. 3:

«Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule»

Ved ei eventuell grensejustering er avstand/tid frå Bjørke/Viddal praktisk talt lik til Austefjord skule og Hornindal skule.

### **Økonomiske effektar**

Det er vanskeleg å gjere anslag på endring i frie inntekter og utlikna skatt då vi ikkje veit meir enn folketal og aldersgruppe. Aldersgrupperinga i skrevet som ligg ved er ikkje same gruppering som inndeling i til dømes utgiftsutjamning. I og med at vi ikkje veit meir enn sjølve aldersgruppering, og ikkje korleis det vidare er inndelt i utjamningskriterium så har vi valt å holde dette utanfor.

Om vi brukar tala som er 88 innbyggjarar i 2017:

Innbyggjartilskot i 2020 er kr. 23.800 per innbyggjar:	auke på 2,1 mill kr
Skatt (om vi brukar snitt per innbyggjar Volda kommune)	auke på 2,0 mill kr

Fylkesmannen saman med KRD har nøyaktige tal på alderssamansetjinga av innbyggjarane på Bjørke og Viddal og det vil ut frå føresetnadene i inntektssystemet vere mest naturleg at Fylkesmannen saman med KRD kjem med meir nøyaktig utrekning av dei økonomiske effektar av inntektssystemet for dei to kommunane.

Elles vil det verte ein auke i inntekter frå eigedomsskatt, men her er det Ørsta som har dei nøyaktige tala. Eigedomsskattesatsen er den same for dei to kommunane.

## Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur og fritidsaktivitetar

Generelt for dette tema er det vanskeleg å vere veldig konkret med nøyaktige tal, men det er nokre få frå området som trenar/spelar fotball i Hornindal. Det er mange frå Bjørke og Viddal som er aktive i skisenteret i Hornindal, både som frivillige medarbeidarar i trekket, men mest som brukarar av skianlegget (både langrenn og alpin).

Vidare ser vi at det er mange frå Bjørke og Viddal som legg handleturen til Grodås, og som også dukkar opp som deltakarar på ulike arrangement som konsertar og andre tilstellingar.

## Brannberedskap

Ei eventuell grensejustering vil ikkje føre til nokon endring for brannberedskapen på Bjørke og Viddal. Uavhengig av kommunegrenser vil framleis Hornindal kommune og Volda kommune vere nærmaste hovudinnsatsstyrke.

I rettleiinga til "Dimensjoneringsforskrifta" § 4-1 Samarbeid står det: "*Nødstilte skal ha hjelp fra den innsatsstyrken som har kortest innsatstid*"

Plikt til bistand over kommunegrensa er også heimla i Brannlova § 15, 3dje ledd.

Ørsta kommune har i dag avtale med Hornindal brannvern om utrykking til Bjørke og Viddal. I tillegg vert Volda brannvern kalla ut ved hendingar, ei ordning som har fungert i mange år.

Så i praksis kjem hovudinnsatsstyrken ved brann på Bjørke allereie frå Hornindal/Volda.

Ørsta kommune har eit lite branndepot på Bjørke, liknande dei som er på bygdene i Volda. Dersom Bjørke/Viddal vert ein del av "nye Volda" betyr det at det at branndepotet på Bjørke vert ein del av brannberedskapen i Volda, noko som vil krevje resursar å drifte både administrativt og utstyrmessig.

**Hjørundfjord Adventures as**  
6190 Bjørke

**Bjørke 30 oktober 2017**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
**Ved Vigdis Rotlid Vestad**

### **Hjørundfjord Adventures - om reiselivsutvikling og grensejustering i Bjørkeområdet**

Hjørundfjord Adventures har bygt opp og drive Hjørundfjord Vandrarheim på Bjørke sidan 2012. Det siste året har vi meir enn dobla talet på gjestedøger, og opplever no ein sterk etterspørsel etter nye produkt og tenester knytt til drifta på Bjørke. Kundane våre reiser langs Turistvegen Geiranger, Hellesylt, Hornindal og langs Kvivsvegen(E39), både nordover og sørover. Hjørundfjord Vandrarheim er avhengig av dyktige medarbeidarar som kan tene våre internasjonale kundar (75%). Vi kjøper alle våre varer og tenester i Hornindal og Volda.

Hjørundfjord Vandrarheim si vidare utvikling er tett knytt til utviklinga på Bjørke, då dette vil vere med å legge grunnlaget for fleire gode tilbod til kundane våre. Ei slik utvikling vil skje gjennom den daglige interaksjonen i lokalregionen, der det oppstår ny kunnskap og inspirasjon for vidare utvikling.

For Hjørundfjord Vandrarheim på Bjørke er valet enkelt – vi må gripe muligheita som er der akkurat no. Vi må verte ein del av Nye Volda kommune. Vi må gå «all in», og vere med å bidra for å bygge ein sterk lokalregion som kan gi vekst og utvikling på Bjørke, slik at vi kan tilby kundane våre dei tilboda som dei til ei kvar tid etterspør.

Hjørundfjord Vandrarheim har hatt full drift i sommarsesongen sidan 2012, og i tillegg tilbode overnatting for grupper på bestilling utanom sesongen. Vi ser no at vi har opparbeidd eit kundegrunnlag for å drive reiselivsutvikling på Bjørke. Kundane våre både krev og etterspør no meir servering, meir båt utleige, kajakkutleige, sykkelutleige og andre aktivitetar. Klarer vi i framtida å tilby slike tenester legg dette grunnlaget for sal av fleire overnattingar til kundane våre. Vi ser også kva kundegrupper som søker til Bjørke og kvifor dei kjem, gjennom å lese statistikkar og tilbakemeldingar på vår digitale sals-portal.

**Kvivsvegen – og Turistevegen Geiranger, Hellesylt, Hornindal er grunnlaget for Vandrarheimen på Bjørke**  
Nitti prosent av kundane våre er turistar som reiser på Kvivsvegen og på Turistvegen Geiranger, Hellesylt, Hornindal. Bjørke vert då ein stad der ein overnattar ei eller fleire netter, alt etter kva attraktive opplevingar og aktivitetar som gjestane finn på Bjørke og i nærområdet. Det vil seie det som ein rekk innanfor ein time eller to med bil. Ei anna viktig kundegruppe er personar som kjem til Bjørke fordi dei skal på eit arrangement i nærområdet. Dette kan vere Indiefjord festivalen, bryllaup, gebursdagar og slektstreff på Bjørke eller idrettsarrangement i indre Nordfjord både sommar og vinter.

Hjørundfjord Vandrarheim har ikkje gitt opp kundar som har Hjørundfjorden som reisemål. Men Bjørke er i dag ikkje med på reiseruta for turistar lenger ute i fjorden. Turistane som reiser over Sæbø - Leknes stoppar på Sæbø, Standal, Trandal, Urke og Øye, og overnattar der. Ei sommarferje Bjørke - Leknes kunne ha kopla Kvivsvegen mot Sæbø, Urke og Øye, men slik er det ikkje no. Hjørundfjord Vandrarheim må marknadsføre og selje Hjørundfjorden for turistar som kjem reisande på Kvivsvegen.

### **Bjørke må bidra og ta del i ein sterk lokalregion som har gode vilkår for vekst og nyskaping**

Dersom Bjørke skal ha ei framtid som turistdestinasjon er det svært viktig at det skjer ei utvikling i bygda både med omsyn til næringsutvikling, kommunal infrastruktur og busetnad. Grunnlaget for utvikling og innovasjonar skjer som regel i den daglige interaksjonen, der det oppstår ny kunnskap, motivasjon, aktivitet og utvikling. Dersom ein skal lykkast med dette må ein vere del av eit nettverk i ein sterk lokalregion. Då vil unge entreprenørar vere med å skape noko på Bjørke, og dei vil busette seg i lokalregionen, enten det no er på Bjørke, Kalvatn eller Grodås.

Etter at Bjørke kom med i Ørsta kommune for 53 år sidan har folketalet gått dramatisk attende, det same har talet på arbeidsplassar, bygda manglar dels mobilnett, 4G og fibernett er ikkje – eksisterande, skilting for turistar, renovasjon for fritidseiningar og offentlig toalett fins heller ikkje i indre Hjørundfjorden. Det offentlige planverket som ligg føre har heller ikkje vore oppdatert særleg sidan 80 – talet. Korfor har denne utviklinga

vorte slik kan ein nok diskutere, men ei viktig årsak er nok at Bjørke ikkje har vore «i sentrum» av Ørsta kommune og heller ikkje ein del av den daglige utviklinga og politikken der. No er avstanden til Ørsta sentrum større enn nokon gong. Bjørke har i realiteten vorte ein del av ein sterk lokalregion saman med Hornindal og Austefjorden, med Volda som kommunesenter.

Så er det slik at «organisatoriske og strukturelle endringar» gjev eit sett med nye muligheiter og utfordringar. Det er ingen milde gåver, vi må gripe mulighetene og jobbe hardt for å skape seg ei ny framtid basert på den nye strukturen vi er ein del av. Ingen andre gjer det for oss. Muligheita er der akkurat no, den kan vere borte om kort tid, og «organisatorisk og strukturelt» sett, vert Bjørke då meir isolert enn nokon gong. Det er vel kjent at Bjørke frå naturen si side har vorte gitt «sterke kort» for å kunne bidra inn i ein sterk lokalregion, både gjennom kraftverksutbygging, fin natur og kunnskapsrike og hardt arbeidande innbyggjarar. Spørsmålet er vel no om Bjørke skal gripe denne sjansen..

**Hjørundfjord Vandrarheim - valet enkelt - vi må gripe muligheita her og no, og gå for Nye Volda kommune**  
Hjørundfjord Vandrarheim er heilt avhengig av tilgang på kompetent arbeidskraft som kan tene internasjonale kundar (75%), men også at vi har god forsyning varer og tenester, som for eksempel catering, matvarer, forbruksartiklar og vaskeri. Alt av varer og tenester kjøper vi i dag på Grodås eller i Volda. Eit aukande tal turistar og hytteeigarar på Bjørke vil også ha tilgang til butikk, restaurant og andre tilbod. Hornindal har alle desse tenestene godt utbygde. Hornindal Skisenter er eit særdeles flott anlegg berre 20 min reise i frå Bjørke, som kan vere med å legge eit grunnlag for heilårsturisme på Bjørke.

Vi må vere med i Nye Volda kommune slik at vi kan ta del i både muligheiter og utfordringar i ein sterk lokalregion, saman med turistaktørar i Indre Nordfjord, Hornindal, Hellesylt og Geiranger. Vi veit at også at reiselivet på Bjørke har sterke kort for å kunne å vere ein aktør på denne arenaen. Vi ligg ved Hjørundfjorden, vi har fin natur og mange andre spennande kvalitetar. Vi må gå «all in», og vere med å bidra for å bygge ein sterk lokalregion som kan gi vekst og utvikling på Bjørke.

Hjørundfjord Adventures as

Jarle Myklebust (styreleiar)

Ola Jon Mork

Svein Otto Melheim

Email: [post@hjørundfjordadventures.no](mailto:post@hjørundfjordadventures.no)



**Bjørke og Viddal**

# Bjørke og Viddal


## Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ein søknad om grensejustering av bygdene Bjørke og Viddal over til nye Volda kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høyre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneheld 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
- Volda og Hornindal slår seg saman til nye Volda kommune frå 1.1.2020.
- Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


## Svar:

- Bruttoutvalg: 101
- Antall svar: 93
- Svarprosent: 92%

## **Kjønn**



## **Alder**




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

# Bjørke og Viddal

Kva kommune meiner du at Bjørke og Viddal skal høyre til i framtida?

Base: n=93



	Mann	Kvinne	16-29 år	30-44 år	45-59 år	60 år+
Base	44	49	21	12	11	49
1	48%	63%	29%	42%	73%	67%
2	48%	35%	67%	58%	27%	29%
3	5%	2%	5%	-	-	4%

Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=93)\*:

- 1: +/- 2,8 prosentpoeng (53,2 % - 58,8 %)
- 2: +/- 2,8 prosentpoeng (38,2 % - 43,8 %)
- 3: +/- 1,0 prosentpoeng (2,0 % - 4,0 %)

\* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.

Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%



ØRSTA KOMMUNE

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2520  
6404 MOLDE

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2017/2063	3241/2018	001	BARDSETH	01.03.2018

Melding om vedtak frå Ørsta kommunestyre 01.03.18, PS 19/18:

**GRENSEJUSTERING BJØRKE OG VIDDAL KRINS. FRÅSEGN FRÅ ØRSTA  
KOMMUNE****Saksprotokoll - Ørsta kommunestyre - 01.03.2018****VEDTAK:**

Ørsta kommunestyre krev at Hjørundfjorden *samla* framleis skal vere ein del av Ørsta kommune. Krinsane Viddal og Bjørke utgjer 18 % av landarealet til Ørsta kommune. Hjørundfjorden er ei sterk og naturleg eining med lange og sterke band knytt til identitet, kultur og næring, tufta på rike naturressursar. Hjørundfjorden med Bjørke og Viddal er ein naturleg del av Ørsta kommune i dag og kommunen si framtid. Konsekvensane ved å kløyve fjorden og gjennomføre ei så omfattande grensejustering vil ramme alle desse tilhøva svært negativt.

Målsettinga med kommunereforma er å få større og meir robuste kommunar. Ei grensejustering gjer Ørsta kommune mindre i areal og folketal, og mindre robust.

Kommunestyret konstaterer at innbyggjarundersøkinga syner eit klart fleirtal mellom folket på Bjørke og Viddal for å halde fram som ein del av Hjørundfjorden og Ørsta kommune. Kommunestyret føreset at det vert lagt stor vekt på folkeviljen. Det er ein innarbeidd del av det norske demokratiet å ta omsyn til resultatet når ein har valt å be om folket sitt råd.

Ei eventuell grensejustering vil også medføre ein vesentleg reduksjon av kommunen sitt inntektsgrunnlag. Dette vil avgrense Ørsta kommune sine moglegheiter for vidare utviklingsarbeid av kommunen og av Hjørundfjorden som ei eining og merkevare.

Eit vedtak om ei så omfattande grenseendring må vere tufta på at fordelane med endringa er klart større enn ulempene. Kommunestyret kan ikkje på nokon måte sjå at denne føresetnaden er imøtekomen. Også dette må sjåast i samanheng med folkeviljen. Difor er ikkje grunnlaget for denne grensejusteringa til stades.



## Handsaminga (33 r.f.)

**Per Are Sørheim (H)** la fram høgre sitt forslag:

Eit vedtak om ei så omfattande grenseendring må vere tufta på at fordelane med endringa er større enn ulempene. I denne saka er dei negative konsekvensane så store at det vil påvirke drifta av Ørsta kommune.

Kommunestyret meiner at grunnlaget for grenseendring ikkje er tilstades og at ein må vurdere ei kommunesamanslåing med andre framfor grenseendring

**Rådmannen la til ei setning etter første avsnitt i si tilråding:**

Målsettinga med kommunereforma er å få større og meir robuste kommunar. Ei grensejustering gjer Ørsta kommune mindre i areal og folketal, og mindre robust.

Det vart røysta først over dei tre første avsnitta i rådmannen si endra tilråding:

**Rådmannen si endra tilråding fekk 32 røyster mot 1 røyst (Jostein O. Mo)**

**4. avsnitt:**

Røysta alternativt:

**Rådmannen si tilråding fekk 24 røyster og vart vedteke**

Høgre sitt forslag fekk 9 røyster

Rett utskrift

Ingeborg Myklebust Bjørneset

Politisk sekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Gro Anita Bårdseth	Arkivsak:	2017/2063
		Løpenr.:	756/2018
<b>Utvalsaksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	
19/18	Ørsta formannskap Ørsta kommunestyre	01.03.2018	

### Saka gjeld: **GRENSEJUSTERING BJØRKE OG VIDDALEN KRINS. FRÅSEGN FRÅ ØRSTA KOMMUNE**

#### TILRÅDING TIL VEDTAK:

Ørsta kommunestyre krev at Hjørundfjorden *saml*a framleis skal vere ein del av Ørsta kommune. Krinsane Viddalen og Bjørke utgjer 18 % av landarealet til Ørsta kommune. Hjørundfjorden er ei sterk og naturleg eining med lange og sterke band knytt til identitet, kultur og næring, tufta på rike naturressursar. Hjørundfjorden med Bjørke og Viddalen er ein naturleg del av Ørsta kommune i dag og kommunen si framtid. Konsekvensane ved å kløyve fjorden og gjennomføre ei så omfattande grensejustering vil ramme alle desse tilhøva svært negativt.

Kommunestyret konstaterer at innbyggjarundersøkinga syner eit klart fleirtal mellom folket på Bjørke og Viddal for å halde fram som ein del av Hjørundfjorden og Ørsta kommune. Kommunestyret føreset at det vert lagt stor vekt på folkeviljen. Det er ein innarbeidd del av det norske demokratiet å ta omsyn til resultatet når ein har valt å be om folket sitt råd.

Ei eventuell grensejustering vil også medføre ein vesentleg reduksjon av kommunen sitt inntektsgrunnlag. Dette vil avgrense Ørsta kommune sine moglegheiter for vidare utviklingsarbeid av kommunen og av Hjørundfjorden som ei eining og merkevare.

Eit vedtak om ei så omfattande grenseendring må vere tufta på at fordelane med endringa er klart større enn ulempene. Kommunestyret kan ikkje på nokon måte sjå at denne føresetnaden er imøtekomen. Også dette må sjåast i samanheng med folkeviljen. Difor er ikkje grunnlaget for denne grensejusteringa til stades.

**Utskrift av vedtak, med vedlegg og masterplan for Hjørundfjorden:**

1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal
2. Søkjar grensejustering v/ Torbjørn Saure Hoel
3. Bjørke Grendelag, v/ Svein Magne Homberset Skjåstad
4. Volda kommune
5. Hornindal kommune

#### **Saksvedlegg:**

1. Fylkesmannen sitt faktagrunnlag dagsett 22.11.2017
2. Supplering av faktagrunnlag i sak om grensejustering. Brev frå Ørsta kommune til Fylkesmannen i Møre og Romsdal dagsett 18.12.2017
3. Grensejustering og kraftinntekter. Uttale frå Advokatfirmaet Lund & Co DA i brev til Ørsta kommune dagsett 13.12.2017

#### **Uprenta saksvedlegg:**

1. Grensejustering i samband med kommunereforma. Orientering. Sak i formannskapet 14.11.2017, PS. 133/17, og i kommunestyret 14.12.2017, PS 103/17.
2. Masterplan Hjørundfjorden. Plan for utvikling av reiselivsprodukt i Ørsta-regionen

#### **Samandrag av saka:**

Saka gjeld Ørsta kommune si fråsegn til høyring om grensejustering for krinsane Bjørke og Viddalen, etter søknad om overføring frå Ørsta kommune til nye Volda kommune. Ørsta formannskap og Ørsta kommunestyre har i tidlegare sak fått orientering om prosess og tidsfristar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal legg kommunen si fråsegn til grunn for si tilråding til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som fattar endeleg vedtak. Ørsta kommune bør gje klart uttrykk for at folkeviljen i krinsane må tilleggst stor vekt i ei slik sak. Bjørke og Viddalen er ein integrert del av Hjørundfjorden, som må sjåast som ei samla geografisk og kulturell eining. Hjørundfjorden er også ei sterk merkevare, særleg innan reiseliv, som det er lettare å utvikle og samordne som ei samla eining i ein kommune. Den naturlege konklusjonen er difor å ikkje gjennomføre den omsøkte grensejusteringa.

#### **Kort bakgrunn**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har på oppdrag av Kommunal- og moderniseringsdepartementet starta utgreiing om grensejustering for krinsane Bjørke og Viddalen. Dette etter søknad frå ei gruppe innbyggjarar på Bjørke. Bakgrunnen for oppdraget med visning til Inndelingslova er gjort greie for i tidlegare sak.

Fylkesmannen har utarbeida slik framdriftsplan med fristar:

2017:

1. Oppstartsmøte veke 44
2. Infobrev og sjekklister sendt ut i veke 47
3. Faktagrunnlag sendt over til kommunane og søkarar i veke 47
4. Frist for å levere/supplere faktagrunnlag 18.12.2017 (administrasjonen)
5. Infobrev om gjennomføring av innbyggjarhøyring sendt ut medio desember 2017

2018:

1. Gjennomføring av innbyggjarhøyring veke 3 og 4
  2. Fullstendig faktagrunnlag og resultat frå innbyggjarhøyring vert sendt kommunane for uttale i veke 5
  3. Frist for uttale 1. mars (kommunestyret)
  4. Sluttmøte 22. mars
-

5. Saksutgreiing og tilråding vert sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i veke 12

Kommunal- og moderniseringsdepartementet avgjer saka i løpet av 2018. Eventuell grensejustering trer i kraft 1. januar 2020.

**Rådmannen si vurdering:**

I tråd med framdriftsplanen har kommunen ved rådmannen levert supplerande opplysingar til Fylkesmannen sitt faktagrunnlag. Sjå vedlegg 2. Dokumentet gjer mellom anna greie for kommunal innsats og prioriteringar i høve tenester til innbyggjarane på Bjørke og Viddalen, og næringsutvikling med vekt på landbruk og reiselivssatsing i Hjørundfjorden. Dokumentet held også fram kva konsekvensar ei eventuell grensejustering vil medføre for Ørsta kommune, då særleg med vekt på økonomi og samfunnsutvikling. Rådmannen held fram at momenta i faktagrunnlaget er vesentlege og legg desse til grunn for kommunen sitt syn på sak om grensejustering.

Saka om grensejustering for Bjørke og Viddalen krins er ei kompleks grensejusteringssak med store konsekvensar, dersom den skulle verte gjennomført. Dei to krinsane utgjer 18 % av landarealet i Ørsta kommune, og 2/3 av kommunen sine samla kraftinntekter skriv seg frå Bjørke og Viddalen. Det tilseier at det bør ligge føre svært tungtvegande grunnar om ein vel å gjennomføre ei så omfattande endring.

Hjørundfjord var tidlegare ein sjølvstendig kommune som vart slått saman med Ørsta kommune i 1964. Området sett under eitt har eit rikt kulturliv og er ein viktig del av Ørsta si kulturhistorie. Ørsta sitt slagord «*Hjartet av Sunnmørsalpane*» viser kvar kommunen har sin identitet. Området rundt Hjørundfjorden i Ørsta kommune er omtalt som sjølv hjartet av Sunnmørsalpane. Det høgste fjellet i Ørsta ligg i dette området, på grensa mot Stranda kommune. Kvitegga på 1717 m.o.h. er det høgste fjellet på Sunnmøre utanom Tafjordfjella. Ei eventuell grensejustering og overføring av dei to krinsane frå Ørsta kommune til Volda kommune inneber å bryte opp ei naturleg eining, knytt saman av Hjørundfjorden. Krinsane Bjørke og Viddalen er viktige for Hjørundfjorden som heilskap, og dei er viktige for Ørsta kommune.

• **Folkeviljen**

Folket i Ørsta og Volda kommunar vart 19. mai 2016 spurde om samanslåing til ein ny kommune i ei rådgjevande folkerøysting. Resultata viste eit klart nei i begge kommunane. Motstanden var størst i Volda, med 68,9 % nei. I Ørsta var det 61,8 % som røysta nei til samanslåing. Kommunestyra sa på grunnlag av dette nei til samanslåing, noko som også vart respektert av Stortinget. Volda kommune sa altså eit klart nei til samanslåing med Ørsta, men argumenterer no sterkt for å legge under seg 18 % av arealet til Ørsta kommune. Dette kan sjølv sagt også handle om kraftinntektene som er i denne krinsen. Men dette vil altså vere mot folkeviljen.

I samband med Fylkesmannen si handsaming av søknaden om grensejustering er det gjennomført ei innbyggjarhøyring i Bjørke og Viddalen krins. Resultatet av undersøkinga viser at det er eit klart fleirtal for å verte verande i Ørsta kommune. 56 % vil halde fram med å vere ein del av Ørsta, medan 41 % ønskjer å høyre til nye Volda kommune. 3 % av dei spurte har ikkje teke stilling. Sjå samla oppsett over resultatet i tabellen under.

Bruttoutval	101		Bli i Ørsta		Til nye Volda		Veit ikkje	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%	Tal	%
Netto	93	92 %	52	56 %	38	41 %	3	3 %
Kvinne	49	53 %	31	63 %	17	35 %	1	2 %
Mann	44	47 %	21	48 %	21	48 %	2	5 %
16-29 år	21	23 %	6	29 %	14	67 %	1	5 %
30-44 år	12	13 %	5	42 %	7	58 %	0	0 %
45-59 år	11	12 %	8	73 %	3	27 %	0	0 %
60 år +	49	53 %	33	67 %	14	29 %	2	4 %
16-59 år	44	47 %	19	43 %	24	55 %	1	2 %
60 år +	49	53 %	33	67 %	14	29 %	2	4 %
16-44 år	33	35 %	11	33 %	21	64 %	1	3 %
45 år +	60	65 %	41	68 %	17	28 %	2	3 %

Rådmannen vurderer resultatet som eit tydeleg uttrykk for kva fleirtalet av innbyggjarane ønskjer.

Det er altså 8 % av dei 101 røysteføre som ikkje har svart, eller ikkje har hatt høve til å svare.

Dette utgjer 8 personar. Sjølv om alle desse 8 hadde røysta for grensejustering, noko som statistisk sett er høgst usannsynleg, ville det framleis vore fleirtal for å verte verande i Ørsta kommune. Rådmannen meiner difor at undersøkinga gjev oss eit klart, og statistisk sett, signifikant svar på kva kommune innbyggjarane på Bjørke og Viddalen ønskjer å høyre til.

Svarfordelinga mellom menn og kvinner og ulike aldersgrupper har ikkje relevans med omsyn til resultatet av undersøkinga, ettersom det er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp at ein ikkje diskriminerer på kjønn eller alder gjennom å vekte røyster ulikt.

Problemstillinga i innbyggjarundersøkinga var klar og eintydig og svaret som ligg føre er klart og eintydig. På same måten som ved ordinære val og røystingar må alle røyster telje likt. Rådmannen forventar difor at det vert lagt stor vekt på folkeviljen i denne saka.

Korkje folkerøystingar eller innbyggjarundersøkingar er juridisk bindande. Men det er ein etablert tradisjon for å lytte til folket når stat eller kommune vel å be om råd på denne måten. Slike rådspørjingar er ein del av demokratiet og forvaltningsstrukturen. Difor bør rådet frå innbyggjarane handsamast med respekt og verte lytta til.

- **Folk og identitet**

Pr. 01.01.2017 budde det 115 innbyggjarar i desse krinsane. Dette utgjer om lag 1,1 % av alle innbyggjarane i kommunen som då var på 10.744.

Grendene kring Hjørundfjorden (gamle Hjørundfjord kommune) har ein sterk felles identitet og samkjensle. Dette må ein forstå i eit historisk lys, der fjorden batt grender og folk saman framføre å skilje dei. Den dag i dag er Hjørundfjorden eige kyrkjesokn, som er med på å understreke desse lange, historiske linjene og identitetsstrukturane. At innbyggjarane kring fjorden har sterk samkjensle kjem også til uttrykk i lags- og organisasjonsarbeid, og her kan *Hjørundfjord kulturvernlag* stå som eit døme. Organisasjonen har sidan 1996 arbeidd aktivt

for å verne om kulturminne og tradisjonar kring heile fjorden. Hjørundfjorden er ei sterk og naturleg eining historisk og geografisk. Innbyggjarane frå Bjørke og Viddalen er viktige for Hjørundfjorden, og for Ørsta kommune.

Resultatet av innbyggjarundersøkinga syner også at Hjørundfjorden og Ørsta kommune er ein viktig del av identiteten til folk på Bjørke og Viddal.

- **Arbeidsplassar og pendling**

Volda og Ørsta er definert som ein bu- og marknadsregion med stor arbeidspendling mellom kommunane. Nye gode kommunikasjonar har også utvida arbeidsmarknaden mot ytre søre (Ulstein, Hareid, Herøy og Sande), mot Stranda og Sykkylven, og Nordfjord (Eid, Stryn og Hornindal).

Fylkesstatistikken viser at Ørsta samla sett er ein «utpendlingskommune». Tala for 4. kvartal 2016 viser at 1 127 personar pendlar inn til kommunen medan 1 914 pendlar ut. Av desse har 1 006 sin arbeidsplass i Volda, og om lag 13 av desse er busette i Bjørke og Viddalen krinsar.

- **Naturressursar**

Samla landareal for krinsane er oppgitt til 142,7 km<sup>2</sup>. Dette utgjør om lag 18 % av det totale landarealet i Ørsta, som er 804,4 km<sup>2</sup>.

Naturressursane med fjell og fjord er vesentleg grunnlag for turisme. I reiselivssamanheng er Hjørundfjorden ei merkevare i inn- og utland både i høve til sommar- og vinterturisme. For å styrke reiselivet som næringsveg er Ørsta kommune i gang med ei strategisk, langsiktig og samordna satsing for heile Hjørundfjorden gjennom *Masterplan for reiseliv i Hjørundfjorden*. I arbeidet med planen har om lag 70 lokale aktørar vore involvert. Formannskapet har handsama masterplanen (september 2017) og saka vert slutthandsama i kommunestyret i februar 2018. Som del av den strategiske reiselivssatsinga inngår Hjørundfjorden som ein del av Ørsta kommune og Ørsta si framtid. Utviklinga på Bjørke og Viddal er sterkt knytt til den samordna planlegginga og samordninga av utviklingsarbeidet. Det er ingen tvil om at det vil vere mest rasjonelt å vidareføre dette arbeidet for det samla området, og som ein kommune. For Ørsta kommune og Hjørundfjorden vil det vere svært negativt dersom grunnlaget for denne satsinga vert skadelidande ved ei kløyving av Hjørundfjorden som geografisk eining og vankeleggjere eit samordna utviklingsarbeid innan reiseliv, fjord- og fjellturisme.

Naturressursane i krinsane Bjørke og Viddalen utgjør også ein vesentleg del av Ørsta kommune sine kraftinntekter. Det at Ørsta kommune står i fare for å tape heile 18 % av landarealet, og med det kring 2/3 av kommunen sine samla kraftinntekter, vil ramme kommunen sin økonomi på ein svært alvorleg måte, jamfør punktet om framtidig inntektstap.

Vi nemner elles at Hjørundfjorden og Norangsdalen av Fylkesmannen i Møre og Romsdal er foreslått som kandidat til «*Utvalde kulturlandskap i jordbruket*». Satsinga er i regi av Landbruksdirektoratet som ei oppfølging av nasjonale mål om å ivareta kulturlandskapet. Dette understrekar samanhengane naturressursar i området representerer, dei historiske og naturlandskapsmessige kvalitetane kring Hjørundfjorden og at bygdene i fjorden utgjør ei eining og ei merkevare.

- **Tenester til innbyggerane**

Ørsta kommune legg vekt på at innbyggerane tilhøyrande Bjørke og Viddalen skal ha fullverdig tenestetilbod, på lik line med alle andre i kommunen. For å sikre god beredskap har kommunen finansiert infrastruktur for sikker mobildekning i området. Skyssbåten for heile fjorden er eit anna tenestetilbod som kommunen prioriterer, og er med på å finansiere. Reiselivssatsinga for Hjørundfjorden er nemnt over. Dette utviklingsarbeidet er også å sjå på som ein del av kommunen si tilrettelegging for det samla tenestetilbodet og illustrerer kva kommunen tenker om, og planlegg for, Hjørundfjorden som ein heilskap.

Rådmannen viser elles til vedlegg 2: Supplering av faktagrunnlag i sak om grensejustering. Brev frå Ørsta kommune til Fylkesmannen i Møre og Romsdal dagsett 18.12.2017.

- **Framtidig inntektstap og overgangsordningar**

Ørsta er ein mellomstor kraftkommune, med ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 464 GWh per 2016. Det er 18 kraftverk i kommunen, der høgste fallhøgde er 90 meter. Kraftverket med høgast snittproduksjon er Tussa kraftverk, som ligg på Bjørke. Der har det vore drift sidan 1961. Samla utgjør kraftproduksjonen i desse krinsane om lag 2/3 av den totale kraftproduksjonen i kommunen.

I Ørsta kommune sitt innspel til faktagrunnlag, som ligg ved saka, er det rekna på dei økonomiske konsekvensane av ei mogleg grensejustering. I fylgje dette grunnlaget utgjør samla inntekter frå kraftverk og innbyggerar i desse krinsane om lag kr. 11 – 12 mill. per år. Samla kjende driftsutgifter utgjør om lag kr. 2 – 3 mill. per år. Det er ikkje teke omsyn til inntekts- og utgiftsutjamnande ordningar som kan redusere inntektstapet. Låne- og avdragskostnadar er heller ikkje med i summen. Med atterhalda om at dette er usikre tal, kan ei grensejustering føre til eit årleg netto tap på mellom kr 8 – 10 mill. per år. I tillegg kjem framtidig inntektstap av allereie utførde og planlagde investeringar i området, mellom anna innan reiseliv.

Som det går fram av oppsett om økonomiske konsekvensar i faktagrunnlaget, vil ei eventuell grensejustering få svært negativ effekt for Ørsta kommune og for vedtekne drifts- og investeringsbudsjett. Ørsta kommune har dei siste åra gjennomført store investeringar, mellom anna på grunnlag av kraftinntektene. Dersom det vert gjort ei dramatisk endring av kommunegrensene mot folkeviljen, vil dette få store økonomiske konsekvensar. For å klare å finansiere investeringane med eit slikt bortfall av inntekter kan det verte naudsynt å auke eigedomsskatten og såleis belaste innbyggjarane i større omfang enn det som er ønskeleg.

Rådmannen meiner at det må eventuelt gjennomførast eit økonomisk oppgjør i medhald av reglane i inndelingslova § 18 dersom fylkesmannen og departementet mot formodning skulle vedta ei grensejustering.

Rådmannen meiner også det i tilfelle er naudsynt å nytte reglane om erstatning etter § 21. Som det går fram av oppsett over økonomiske konsekvensar ville det alt vesentlege av kraftinntekter falle vekk om det vert ei grensejustering. Dette vil ha følgjer for kva midlar Ørsta kommune vil ha tilgjengeleg til tenesteyting og utviklingsarbeid.

Det vil også vere rimeleg med ei overgangsordning som gjev kommunen høve til å tilpasse seg eit lågare driftsnivå.

## Konklusjon:

Hjørundfjorden er ei sterk og naturleg eining med lange og sterke band knytt til identitet, kultur og næring, tufta på rike naturressursar. Hjørundfjorden med Bjørke og Viddalen er ein naturleg del av Ørsta kommune i dag og kommunen si framtid. Konsekvensane ved å kløyve fjorden vil, etter rådmannen si oppfatning, ramme alle desse tilhøva svært negativt. I tillegg kjem vesentleg reduksjon i kraftinntekter. Dette vil avgrense Ørsta kommune sine moglegheiter for utvikling av Hjørundfjorden som ei naturleg eining og merkevare og utviklinga av kommunen som heilskap.

Vidare konstaterer rådmannen at innbyggjarundersøkinga syner eit klart fleirtal mellom folket på Bjørke og Viddal for å halde fram som ein del av Hjørundfjorden og Ørsta kommune. Rådmannen føreset difor at det vert lagt stor vekt på folkeviljen i denne saka. Ørsta kommune har ingen innbyggjarar å misse. Rådmannen si klare tilråding til kommunestyret er at krunsane Bjørke og Viddalen framleis skal vere del av Ørsta kommune.

Eit vedtak om ei så omfattande samfunnsendring må vere tufta på at fordelane med endringa er klart større enn ulempene. Rådmannen kan ikkje på nokon måte sjå at denne føresetnaden er imøtekomen. Også dette må sjåast i samanheng med folkeviljen. Difor er ikkje grunnlaget for denne grensejusteringa til stades.

Ørsta, 21.02.2018

Wenche Solheim  
rådmann

Eldar Rune Øye  
assisterande rådmann





**VOLDA KOMMUNE**  
**Rådmann**

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST» «POSTSTED»  
»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/1243	2962/2018	001	ADM/ JOAROD	23.02.2018

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PARTSBREV - GRENSEJUSTERING I  
SAMBAND MED KOMMUNEREFORMA - BJØRKE**

Vi melder med dette frå at Fellesnemnd for nye Volda kommune den 22.02.2018, hadde føre  
ovannemnde som sak PS 9/18, der det vart gjort slikt vedtak:

*Om Fylkesmannen i Møre og Romsdal og KMD konkluderer med at Bjørke og Viddal  
krins vert overført til nye Volda kommune vil nye Volda kommune ynskje innbyggerane  
velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggerane  
i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, samfunn og rådgjeving

Joakim Rødven

Kommunikasjonsrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/1243

Arkivkode: 001

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

9/18

Fellesnemnd for nye Volda kommune

22.02.2018

## GRENSEJUSTERING I SAMBAND MED KOMMUNEREFORMA - BJØRKE

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Med bakgrunn i utgreiinga om grensejustering vil Fellesnemnda ikkje vere overraska om Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Kommunalministeren konkluderer med at Bjørke og Viddalen krins vert overført til nye Volda kommune.*

*Dersom det vert resultatet, vil nye Volda kommune ynskje innbyggerane velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggerane i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte.*

### **Handsaming:**

I eit felles forslag frå Eldar Engelund (SP), Bente Tryggestad (SP) og Odd Harald Sundal (SP), vart det lagt fram slikt forslag til alternativt vedtak:

*«Med bakgrunn i resultatet av innbyggerhøyringa, vil Fellesnemnda i Nye Volda på noverande tidspunkt ikkje tilrå grensejustering for Bjørke og Viddal krins.»*

*Om fylkesmannen i Møre og Romsdal og Kommunal og Moderniseringsdepartementet vel og legge avgjerande vekt på andre moment en fleirtalet i krinsen sitt syn, vil Nye Volda ynskje innbyggerane velkomne. Nye Volda vil då sørge for at innbyggerane i Bjørke og Viddal krins får ivaretatt god oppfølging og teneste kvalitet.»*

Jørgen Amdam (mfl.) la også fram slikt forslag til alternativt vedtak:

*«Om Fylkesmannen i Møre og Romsdal og KMD konkluderer med at Bjørke og Viddal krins vert overført til nye Volda kommune vil nye Volda kommune ynskje innbyggerane velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggerane i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte.»*

Amdam foreslo prøverøysting, der forslag frå Engelund/Tryggestad/Sundal, Jørgen/mfl. og administrasjonen si tilråding skulle røystast over kvar for seg.

Det var totalt 10 røysteføre. Prøverøystinga gav følgjande resultat:

Forslag frå Engelund, Tryggestad og Sundal fekk 3 røyster mot 7.

Forslag frå Amdam mfl. fekk 10 røyster.

Administrasjonen si tilråding fekk 1 røyst mot 9.

Fellesnemnda gjekk så til røysting på alle tre forslaga.

**Røysting:**

Forslag frå Engelund, Tryggestad og Sundal fekk 3 røyster mot 7 og fall.

Forslag frå Amdam mfl. fekk 10 røyster.

Administrasjonen si tilråding fekk 0 røyster og fall.

***Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 22.02.2018***

Om Fylkesmannen i Møre og Romsdal og KMD konkluderer med at Bjørke og Viddal krins vert overført til nye Volda kommune vil nye Volda kommune ynskje innbyggjarane velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggjarane i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte.

**Vedleggsliste:**

1. Skriv frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedkomande Grensejustering I Ørsta kommune – høyring d.s. 06.02.2018 m/vedlegg
2. Skriv til Bjørke Grendalag v/leiar Svein Magne Homberset Skjåstad d.s. 08.01.2018 frå Leiar i Fellesnemnda for nye Volda kommune.
3. Skriv frå Einar Saure om pensjonistar på Bjørke d.s. 19.01.2018

**Samandrag av saka:**

Fellesnemnda skal avgje fråsegn i saka om evt. grensejustering av Bjørke og Viddalen krins i Ørsta.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Etter prosess pågåande frå våren 2014 og fram til juni 2016 vedtok Volda og Ørsta kommunar i juni 2016 å ikkje slå seg saman frå 01.01.2020.

8. juni 2017 vedtok Stortinget samanslåing av Hornindal og Volda kommunar. Det blei samtidig vedteke at den nye kommunen skal høyre til Møre og Romsdal.

Departementet gav oktober 2017 fylkesmannen i oppdrag så raskt som mogleg å greie ut konsekvensar av ei grensejustering mellom kommunane Ørsta og Volda, for området Bjørke og Viddal.

Oppdraget blei gitt etter initiativ frå innbyggjarar på Bjørke i Ørsta kalla seg «unge vaksne», som fremja søknaden til fylkesmannen i oktober 2017.

Eventuelle grensejusteringar skal gjennomførast i samsvar med reglane i Inndelingslova. I dette høvet er det Kommunal- og moderniseringsdepartementet som tek den endelege avgjerda.

Etter oppstartmøte med Fylkesmannen 1.november 2017 vart det lagt ein slik framdriftsplan:

1. Infobrev og sjekklister sendt ut i veke 47 2017
2. Faktagrunnlag sendt ut til kommunane og søkjarar i veke 47 2017
3. Frist for kommunane/supplere faktagrunnlag 18.12.2017
4. Frist for namnelister (+ alder og telefonnummer) 18.12.2017
5. Info.brev om gjennomføring av innbyggjarhøyring medio desember
6. Gjennomføring av innbyggjarhøyring veke 3 og 4 2018
7. Fullstendig faktagrunnlag og resultat frå innbyggjarhøyringa vert sendt til uttale i veke 5, 2018
8. Frist for uttale 1. mars 2018
9. Sluttmøte 21.mars 2018
10. Saksutgreiing og tilråding vert sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet veke 12.

Fellesnemnda skal no som fylgje av framdriftsplanen avgje uttale til Fylkesmannen innan 1. mars.

I samband med denne grensejusteringa er det viktig at ein som grunnlag har eit framtidsperspektiv langt utover i dag, og at det allereie er gjort vedtak om at Hornindal og Volda kommune skal slå seg saman til Nye Volda frå 2020.

### **FAKTAGRUNNLAG**

Fylkesmannen sin rapport om ein eventuell grensejustering mellom Ørsta og Nye Volda kommune inneheld ein faktadel og resultat av innbyggjarundersøkinga. Under faktadelen er det teke inn informasjon om moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal, tenestetilbodet og anna info. frå Møre og Romsdal fylkeskommune, innbyggjartal, demografi, sysselsetjing og arbeidspendling, avstandar, bruk og behov for kommunale tenester

### **Folketal og areal**

Det er i 2017 115 innbyggjarar i Bjørke og Viddalen krins, noko som utgjer om lag 1 prosent av innbyggjartalet i Ørsta kommune. Krinsen (det aktuelle grensejusteringsarealet) utgjer 142,7 km<sup>2</sup> eller knappe 18 prosent av totalarealet i Ørsta kommune. Nye Volda kommune utgjer 739 km<sup>2</sup>. Tabellane på side 6-8 i Faktagrunnlaget.

### Arbeidsplassar og pendling.

Vedlegg 7 i Fylkesmannen sitt faktagrunnlag er grunn til å lese litt nøye.

Av dei 62 som har arbeidsplass i ei av arbeidsstadskommunane og som har bustadadresse Bjørke og Viddalen, så kan det sjå ut som at 30 har sin arbeidsplass i Ørsta. Det stemmer vel for så vidt også men då er også Bjørke og Viddalen rekna som Ørsta. Når då 21 (17+4) av dei som har bustadadresse 1520 Ørsta arbeider i bygdene Bjørke og Viddalen gjev statistikken ikkje noko eintydig bilete av kor mange frå Bjørke og Viddalen som pendlar til andre krinsar i Ørsta eller motsett frå andre krinsar i Ørsta til Bjørke og Viddalen.

Statistikken gjev då eit slikt reknestykke på pendlinga;

<b>Arbeider i bygdene Bjørke og Viddalen:</b>	<b>17 + 4 = 21</b>
<b>Arbeider i Volda kommune:</b>	<b>13 +</b>
Bjørke 13, frå Viddal – ein stad mellom 0 og 6	
<b>Arbeider i andre kommunar:</b>	<b>13 +</b>
Bjørke: 13, frå Viddalen ein stad mellom 0 og 6	
<b>Arbeider i Ørsta utanom bygdene Bjørke og Viddalen:</b>	<b>9 +</b>
Bjørke 23 – 17 = 6, Viddalen 7 – 4 = 3	
(Gjev ikkje svar på kor mange som pendlar frå andre bygder i Ørsta til Bjørke og Viddalen)	

### Kommunikasjonsforhold

Dagens kommunikasjon har endra seg radikalt med den nye E39, Kvivsvegen og det er denne endra kommunikasjonen som gjorde kommunesamanslåinga Hornindal og Volda aktuell og som no også aktualiserer grensejustering for Bjørkesamfunnet. Ei evt. grensejustering vil isolert sett truleg ikkje ha særleg stor direkte innverknad på kollektivtrafikken til Bjørkeområdet. Likevel vil kommunesamanslåinga av Volda og Hornindal indirekte også kunne medføre konsekvensar for kollektivtrafikken til Bjørke då kravet til auka kollektivtilbod mellom Grodås og Volda vil kome.

### Offentlege tenester:

Tabellen i vedlegg 6 frå Fylkesmannen syner at avstanden i minutt til dei fleste offentlege tenester frå Bjørke er under halvparten til Austefjorden og Grodås enn til Ørsta. Dette gjeld for dei fleste kommunale tenestene som barnehage, barne- og ungdomsskule, skulehelseteneste, omsorgssenter og legesenter. I tillegg vil framleis Hornindal og Volda kommune uavhengig av kommunegrensar vere næraste hovudinnsatsstyrke i høve til brannberedskap i Bjørkeområdet på grunn av avstand.

Det har vore ei målsetting i arbeidet med kommunesamanslåing frå sentralt hald, at ein så langt råd er ynskjer å redusere interkommunale selskap eller avtalar om tenesteutveksling mellom kommunar. Eit reiskap i så måte er å sjå på om gamle kommunegrensar i ei tid med annan kommunikasjon er til hinder for naturlege einingar for tenesteproduksjon.

Nye Volda er i startgropa på å etablere fibersamband mellom Volda og Grodås. Dette kan gi grunnlag for at ein kan lage avtappingspunkt der private utbyggjarar ev med offentleg tilskot kan bygge fiber til heimen i tilgrensande bygder.

### Økonomi:

Med omsyn til tenesteytinga til innbyggjarane i Bjørke og Viddal krins vil dette verte fanga opp gjennom inntektssystemet, og slik sett er det i samsvar med prinsippet om økonomisk fordeling mellom kommunane. Det kan vere positive synergjar dersom tenestene vert samla innanfor ein kommune si tenesteportefølgje. For Ørsta er det faktorar utanfor inntektssystemet som har konsekvensar ettersom det er inntekter knytt til kraftanlegget til Tussa på Bjørke.

### Kultur og fritidsaktivitetar.

Sjølv etter få år med den nye Kvivsvegen ser ein stor endring i interaksjonen mellom innbyggerane i Austefjorden, Bjørkeområdet og Hornindal/Grodås. Fleire frå Austefjord og Bjørke er aktive anten i bruk eller som friviljug i skianlegget i Hornindal og fleire tek del i idrettsaktivitet på idrettsanlegget med både fotballanlegg og idrettshall eller andre kulturaktivitetar i Grodås. Motsett ser ein også at fleire frå Grodås tek del i kulturaktivitetar som skjer i Bjørkeområdet spesielt sommartid. Ein ser også at stadig fleire i Austefjord og Bjørkeområdet utfører daglegvarehandelen sin på Grodås. Ein ser at Grodås i stadig større grad vert eit nærsenter for heile Austefjord/Bjørke og Grodåsområdet. Samferdsel utviklar samfunnet og endrar sosiale mønster mellom folk. Det tek ofte tid å tilpasse seg dette fullt ut for alle, men truleg vil samhandlinga og sosial aktivitet mellom innbyggerane i desse bygdene berre auke i åra framover.

#### **Lokaldemokrati:**

At innbyggerane har moglegheit til å velge dei lokale politiske leiarar som er ansvarlege for dei lokale og offentlege tenestene er ein del av kjernen i vårt demokratiske system.

Det er med på å bidra til at kommunen si leiing må ta omsyn til kva innbyggerane meiner om korleis kommunen fungerer som demokratisk organ, om dei tenestene som kommunen tilbyr og korleis pengar vert brukt.

Dersom ein ikkje er innbygger i den kommunen desse tenestene vert levert, har ein såleis ikkje den moglegheita til påverknad som ein elles vil ha om ein er innbygger i kommunen.

Med så mange av dei offentlege tenestene for innbyggerane i bjørkeområdet lokalisert til nye Volda vil det sjølvsagt vere fordel for innbyggerane der å ha størst mogleg påverknadskraft i forhold til dei tenestene som vert ytt.

#### **Næring:**

Viddal og Bjørke har stort potensial innanfor landbruk, reiseliv og naturbaserte næringar. Uansett kva kommune området vil liggje i, så vil dette vere ein del av Hjørundfjorden med innfallsport både mot sjøen og landbasert mot nye Volda, Stranda og Nordfjord. Grodås i Nye Volda er tenkt som kompetansebase for tilretteleggingsapparat for denne type næringar og samlokalisert med landbrukskontor i samarbeid med Ørsta og ev fleire kommunar. Det skal i løpet av kort tid leggjast fram prosjektrapport for dette næringsutviklingsprosjektet som er kalla Nye næringar på gamle tufter.

#### **Innbyggerundersøkinga:**

To av tre under 30 år på Bjørke vil til Volda medan meir enn to av 3 over 45 år vil bli i Ørsta.

Av dei under 45 år er det eit rimeleg klart fleirtal for overflytting til Volda medan det for aldersgruppa over 45 år er fleirtalet for å bli i Ørsta ennå større.

Innbyggerundersøkinga gav 93 svar, ein svarprosent på 92%. Av dei som har avgitt svar ynskte 56% å forbli i Ørsta kommune. 41% ynskte overflytting til ny Volda kommune, medan 3% svarte veit ikkje. Med eit tal på avgitte svar som er på under 100 utgjer kvar person som har avgitt svar over 1%. Få stemmer i den eine eller den andre retninga utgjer såleis etter måten stor endring i prosent.

#### **Avsluttande kommentarar**

Dette er ei vanskeleg sak. Nye Volda og Ørsta vil uansett utfall vere integrerte samfunn der ein er avhengig av godt samarbeid for å utvikle regionen og sikre innbyggjarane i desse kommunane best mogleg tenester og framtid. Det er særleg viktig at dei som styrer og leier desse to kommunane finn fram til overordna visjonar og strategiar som samlar kommunane og styrkar posisjonen i høve til eit enda sterkare Ålesund, der ein både skal samarbeide og vere i sunn konkurranse med storkommunen Ålesund og naboregionar både i nord og sør. Grensejustering er ei konfliktsak med ulike meiningar der det er vanskeleg å skilje mellom kjensler og fakta. Nye Volda er bedt om å gi uttale i saka gjennom fellesnemnda. Det er naturleg å gi uttale ettersom nye Volda vil få ansvar for tenestyting og utvikling av

Viddal/Bjørkeområdet dersom det skulle verte grenseendring. Nye Volda bør ikkje intervenere aktivt for ei slik endring, men bør vere svært positiv om ei slik endring skulle verte realitet. Det er sjølvsagt ein grunn til sakshandsaminga og avgjerd i slike saker vert handtert av staten og ikkje overlatt til innbyggjarane og det lokale nivået. Staten skal vurdere alle omsyn, der målsettinga med kommunereforma nok vil vere ein del av avgjerdsgrunnlaget., jfr:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Med bakgrunn i dei samla kriteriene grensejusteringa skal vurderast ut frå, så bør nye Volda vere budd på å at krinsen Viddal og Bjørke kan verte overført til nye Volda. Det er viktig at nye Volda i ein ev slik situasjon tek godt imot desse innbyggjarane og sikrar fullverdige gode tenester og ei positiv framtid.

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Fylkesmannen i Møre og romsdal**  
**Volda kommune**  
**Hornindal kommune**  
**Ørsta kommune**  
**«Unge vaksne»-gruppa Bjørke**  
**Grendalaget på Bjørke**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.02.2018	17620/2018	Ole Helge Haugen

**Saksnr**  
**U 17/18**

**Utval**  
Fylkesutvalet

**Møtedato**  
26.02.2018

## Høring - grensejusteringar i Møre og Romsdal

### Bakgrunn

Fylkesmannen har fått i oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) å utgreie fem grensejusteringar i Møre og Romsdal:

- Gjemnes kommune - Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde
- Ørsta kommune - Bjørke og Viddal til Volda kommune
- Stranda kommune - Liabygda til Fjord kommune
- Sandøy kommune - Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet til Aukra kommune
- Norddal kommune- Norddal og Eidsdal til Stranda kommune.

Det er eit omfattande grunnlagsmateriale i den enkelte grensejusterings-saka som ein kan finne på fylkesmannen si nettside:

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Ny-kommune-2020/Grensejusteringar/>

Grensejusteringane varierer nokså mykje både når det gjeld folketal, del av samla folketal i kommunen og geografisk omfang.

Kommune	Folketal kommune	Grensejustering	Folketal aktuelt område	Grensejustering - Del av befolkning	
Gjemnes	2 611	Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem	661	25,3 %	
Ørsta	10 744	Bjørke og Viddal	115	1,1 %	
Stranda	4 623	Liabygda	220	4,8 %	
Sandøy	1 246	Sandøy, Ona, Orten, Gåsøya, Seterøya og Lyngværet	67	5,4 % (0,1 %)	Sandøy blir frå 2020 ein del av «nye» Ålesund med eit folketal nærare 70 000
Norddal	1 663	Norddal og Eidsdal	488	29,3 % (19,5 %)	Norddal blir frå 2020 ein del av Fjord kommune med eit folketal på om lag 2 500



Møre og Romsdal fylkeskommune er bedne om å gje uttale til ei eventuell grensejustering sett ut i frå eit regionalt perspektiv.

### **Vurdering**

Fylkeskommunen er ikkje bedne om å uttale seg for eller mot dei ulike grensjusteringane, men om, og i tilfelle kva dei regionale verknadane kan vere. Fylkesrådmannen vel å legge fram alle grensejusteringane i ei samla sak. Fagavdelingane i fylkeskommunen har, i tråd med § 9 i inndelingslova, gitt generelle innspel til fylkesmannen si saksførebuing når det gjeld verkander av grensejusteringar på dei ulike fagområda. Dette er innspel som i hovudsak ikkje er knytt opp mot konkrete grensejusteringar, men er av generell karakter.

#### **2.1 Plan- og analyse**

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

#### **2.2 Utdanning**

Grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betydning for skoletilbodet eller skulestrukturen. Fritt skuleval og at det gjeld få elevar er grunnen til det.

#### **2.3 Tannhelse**

Pasientar i Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik vil framleis bli behandla ved DTK Batnfjord, med atterhald om utfordringar knytt til pasientdata. Grensejusteringa relatert til Bjørke og Viddalen vil ikkje føre til noen konsekvensar då pasientane allereie brukar Distriktstannklinikk (DTK) Volda. Grensejusteringa relatert til Liabygda vil ikkje føre til nokre konsekvensar då pasientane allereie brukar DTK Valldal. Grensejusteringa relatert til Orten, Sandøy og Ona/Husøy kan gje ei utfordring med pasientjournalssystemet OPUS, men det må kunne løysast. Pasientane vil ikkje bli flytta til Aukra for behandling.

#### **2.4 Samferdsel**

##### **2.4.1 Veg**

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

##### **2.4.2 Kollektivtrafikk**

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for innbyggjarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes til rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

##### **2.4.3 Skoleskyss**

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lenger strekning med skoleskyss.

I grunnkrinsen Liabygda er det ei eventuell endring i den kommunale skulestrukturen som kan medføre behov for ekstra rute. Dette er uavhengig av kva kommune dei vel å høyre til i.

#### 2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løyvegrensene for drosjane i kommunane.

#### 2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)

Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

### 2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå regional- og næringsavdelinga.

#### 2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

#### 2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

#### 2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

#### 2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.

### 2.6 Kultur

#### 2.6.1 Kulturvernseksjonen

Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagelta kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

#### 2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet

Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokre praktiske endringar når nye kart teiknast. Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggstil grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

### 2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen

Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss.

Det må opprettast dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleire arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

### 2.6.4 Fylkesbiblioteket

Truleg ingen konsekvensar.

Fylkesrådmannen vurderer verknadane av grensejusteringar internt i fylket på fylkeskommunen sine tenesteområde isolert sett til ikkje å vere av ein slik karakter eller omfang at det bør tillegast stor vekt i vurderingane.

Fylkesrådmannen vurderer at det ikkje er naturleg for fylkeskommunen å uttale seg om mindre grensjusteringar som ikkje har verknader utover det området justeringa omfattar.

Det er likevel slik at søknadane for Gjemnes og Norddal er av ein slikt omfang at det kan få verknader for «restkommunen». Særleg Gjemnes kommune har gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker. Fylkesrådmannen har ikkje grunnlag for å vurdere realitetane i dette, og meiner det er nødvendig å bruke noko meir tid og ressursar for å utgreie dette.

Prinsippet om at alle som vert påverka av ei avgjerd bør få uttale seg bør føljust i slike saker. Dette kan til dømes gjerast ved at innbyggerane i heile kommunen vert omfatta av ein innbygarhøyring. Det bør før ei slik høyring avklarast kva alternativ som er moglege utfall. Det er fylkesrådmannen si vurdering at i tilfelle der grensejusteringa har/kan ha verknader utover det området det vert søkt for, må kommunestyret si uttale i saka vege tungt. Dette krev at kommunestyret har tilgang til resultatane frå innbygarhøyringa brote ned på krets/grend i ein slik grad at ein kan danne seg eit bilde av haldningane i alle deler av kommunen.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at særleg grensejusteringa i Gjemnes kommune har potensiale til å gje regionale verknader ved at «balansen» mellom bykommunane kan vert endra. Saka, slik den no ligg føre, er ikkje tilstrekkeleg utgreia til å ta stilling til moglege utfall av denne grensejusteringa.

For Stranda/Norrdal er situasjonen noko meir komplisert då det er to søknader som påverkar kvarandre i høve til endeleg folketal i kommunane etter ei eventuell grensejustering. Sakene i Norrdal og Gjemnes er etter fylkesrådmannen si vurdering i grenseland for å bli behandla som grensejustering og ikkje som deling.

Det er vanskeleg å fastslå direkte regionale verknader av dei omsøkte grensejusteringane, noko som gjer at fylkesrådmannen ikkje finn det naturleg at fylkeskommunen peikar på konkrete løysingar i desse sakene no. For grensejusteringa i Gjemnes meiner fylkesrådmannen at moglege konsekvensar for resten av kommunen, og regionen, ikkje er tilstrekkeleg utgreia, og at ein dermed ikkje kan ta stilling til eventuelle regionale konsekvensar.

### **Forslag til vedtak:**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med mogleg unntak for Gjemnes, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her bør innbyggjarane i heile kommunen høyrast og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner det trengs ytterlegare utgreiingar knytt til grensejusteringa i Gjemnes. Her er det frå kommunen si side gitt uttrykk for at ei eventuell overflytting av Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem til Molde gjer framtida for resten av Gjemnes som eigen kommune usikker.

### **Behandling i Fylkesutvalet - 26.02.2018**

Torgeir Dahl (H) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Molde kommune og leiar i fellesnemnda, og gjekk frå møtet under røystinga.

Eva Vinje Aurdal (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som ordførar i Ålesund kommune og leiar i fellesnemnda og gjekk frå møtet under røystinga.

Sidsel Rykhus (AP) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Molde kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet under røystinga.

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF) fremma spørsmål om sin habilitet som varaordførar i Haram kommune og medlem i fellesnemnda. Ho gjekk frå møtet under røystinga.

Margareth Hoff Berg (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i fellesnemnda for Nye Molde kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

Frank Sve (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i formannskapet i Stranda kommune og gjekk frå møtet under røystinga.

7 voterande.

Frank Sve vart samrøystes kjend habil. 8 voterande.

Eva Vinje Aurdal vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Torgeir Dahl vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H FRP 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Margareth Hoff Berg vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Randi Walderhaug Frisvoll vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Sidsel Rykhus vart kjend habil med 5 røyster (AP, 1H, FRP, 1 V). 3 røysta imot (1V, UAVH, SP).

Eva Vinje Aurdal, Torgeir Dahl, Margareth Hoff Berg, Randi Walderhaug Frisvoll og Sidsel Rykhus tok sete. 13 voterande.

Torgeir Dahl ba om fritak etter kommunelova § 40, nr 4, på bakgrunn av sin rolle som ordførar i Molde kommune og gjekk frå under røystinga. 12 voterande.

Torgeir Dahl fekk samrøystes innvilga fritak etter kommunelova § 40, nr 4.

12 voterande.

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma på vegner av seg sjølv, Mette Belden (UAVH), Gunn Berit Gjerde (V) og Iver Nordseth (V):

- «1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Charles Tøsse (H) fremma på vegner av seg sjølv, Frank Sve (FRP) og Margareth Hoff Berg (FRP) følgjande forslag:

«Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.»

Per Vidar Kjølmoen (AP) fremma følgjande endringsforslag:

«Pkt 3 i innstillinga strykes.»

Kristin Marie Sørheim (SP) fremma forslag om å dele opp punkt 3 i tidlegare innsendt forslag til nye punkt 3 og 4 slik:

- «3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.
4. Deling av kommunane gjer framtida til Gjemnes og Fjord kommune usikker og er i strid med nyleg fatta Stortingsvedtak i kommunereforma for desse kommunane. Fylkesutvalet vil for sin del ikkje tilrå ei grensejustering eller deling av Gjemnes og Norddal kommune.»

Per Vidar Kjølmoen trekte forslaget sitt.

**Votering:**

Tilrådinga frå fylkesrådmannen fekk 0 røyster og fall.

Det vart votert alternativ over forslaget frå Charles Tøsse og punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire. Punkt 1-3 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 8 røyster og vart vedteke. 4 røysta for forslaget frå Charles Tøsse (1H, 1AP, FRP).

Punkt 4 i forslaget frå Kristin Marie Sørheim med fleire fekk 4 røyster og fall (UAVH, V, SP)

**Vedtak i Fylkesutvalet - 26.02.2018**

1. Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal, har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.
2. Fylkesutvalet meiner at grensejusteringar med potensielt store verknader for «restkommunen» og regionen bør få eit breiare beslutningsgrunnlag enn mindre justeringar. Her må innbyggjarundersøkinga offentleggjerast på grunnkrinsnivå og kommunestyret si uttale må leggast stor vekt på i den vidare behandlinga.
3. Fylkesutvalet for sin del meiner at dei omsøkte grensejusteringane i Norddal og Gjemnes representerer ei deling av kommunane og difor må behandlast av Stortinget.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef



Kartverket

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL  
Postboks 2520

6404 MOLDE  
Norge

Deres ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 17/55384-2

26.02.2018

Ark.: 326.33

## Grensejustering i Ørsta kommune - høring

I brev av 06.02.2018 er Kartverket bedt om å vurdere om grensene som går fram av innbyggerinitiativet til grensejustering slik at grunnkretsene Bjørke og Viddal blir overført til nye Volda kommune, har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense. Det oppgis grunnkretser som avgrensning av områdene for justeringen. Grunnkretsgrensene følger ikke eksisterende eiendomsgrenser i matrikkelen i store deler av grenseforløpet. Er usikker på om dette er bevisst, eller om det er et resultat av dårlig stedfestingsnøyaktighet i disse datasettene (eiendomskartet og grunnkretsene).

Store deler av grensen som foreslås går i områder hvor det i matrikkelen er usikre eiendomsgrenser (grenser med dårlig stedfestingsnøyaktighet) og hvor eiendomsgrenser i sin helhet mangler. I disse områdene er det lagt inn «hjelpelinje» i matrikkel, for at man teknisk skal kunne avgrense eiendommer.

Inndelingsloven hjemler hvor en kommunegrense skal gå, og denne loven har forrang på matrikkelloven. Man må forholde seg til vedtak etter inndelingsloven, og tilpasse matrikkelen ut fra dette. Når man legger dette til grunn så kan ny kommunegrense vedtas i henhold til innbyggerinitiativet.

Vi vil belyse noen konsekvenser i matrikkelen for ny kommunegrense.

Jo bedre stedfestingskvalitet på ei kommunegrense og eiendomsgrense, jo bedre kvalitet i matrikkelen. Kvalitetsheving av matrikkelen er noe man streber etter hele tiden. Ut fra dette vil Kartverket generelt anbefale at vedtak om framtidige nye kommunegrenser får best mulig stedfestingsnøyaktighet i matrikkelen. Dette kan gjøres enten ved å vedta kommunegrense sammenfallende med eiendomsgrenser med god stedfestingsnøyaktighet, eller skaffe tilveie god stedfestingsnøyaktighet – klargjøring av grense - før iverksettelse av ny kommunegrense.

Med tanke på lengden og topologien på ny kommunegrense i denne saken, er det på det rene at tiden fram til en eventuell gjennomføring av grensejusteringen er knapp for å rekke en slik klargjøring av grensen før iverksettelse av grensejustering.

Slik det faktiske forhold er i denne saken står man overfor to valg på vedtak på en eventuell ny kommunegrense:

1. Sammenfallende med eiendomsgrenser slik de framstår i matrikkelen.
2. Ny kommunegrense langs terrengformasjoner (f. eks. høyeste topp på fjell og langs vassdrag) eller i rettlinjer uavhengig av hvordan eiendomsgrenser framstår i matrikkelen i dag.

Dette valget er førende for videre arbeid etter matrikkelloven og i matrikkelen.

Ved alternativ 1. vil ny kommunegrense bli låst mot disse eiendomsgrensene også etter eventuell klarlegging av dem. Dette krever lite arbeid etter matrikkelloven i forkant. En annen konsekvens av dette er at det kan skape til dels store endringer i areal mellom kommuner i ettetid i forbindelse med klargjøring av disse eiendomsgrensene, men det vil ikke føre til at grunneiere for endret på kommunetilhørighet på deler av sine eiendommer. Kvaliteten på kommunegrensene i matrikkelen vil tilsvare kvaliteten som i dag er på eiendomsgrensene, men det vil være rom for kvalitetsheving på eksisterende grenser i ettetid.

Alternativ 2 vil føre til en mer omfattende operasjon teknisk og tidsmessig sett etter matrikkelloven i forkant av grensejusteringen. På den andre siden er det dette grenseforløpet som vil kanskje framstår som mest korrekt og med best kvalitet i matrikkelen som en kommunegrense. Et slikt vedtak vil sørge for en stabil kommunegrense over tid, men enkelte grunneiere kan oppleve det uheldig å ha eiendom i to kommuner dersom en slik «terrenggrense» fører til deling av eiendommer.

Det må vurderes konkret hvilken alternativ man velger ut fra ønsket om god kvalitet opp mot tidsforløpet man har i saken. Spesielle lokale forhold bør også veie tungt. Dersom det er ønskelig, kan Kartverket bistå med utarbeidelse av grunnlag for ordlyden i vedtaket, når alternativ løsning for eventuell ny kommunegrense er tatt.

Med vennlig hilsen

Bernt Audun Strømsli

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.